



Årsmelding og rekneskap 2014



**Vi som butikksjefar i
Coop Vest takkar alle våre
kundar for handelen i 2014.**



Oversikt over butikkar i Coop Vest SA



Florø	57 74 86 20
Førde	48 01 95 25
Hareid	97 99 12 50
Sogndal	97 99 14 60
Volda	97 99 47 80
Ørsta	97 99 12 20
Øvre Årdal	57 64 88 59



Askvoll	97 99 14 50
Balestrand	57 69 12 06
Barstadvik	70 06 00 64
Brekke	57 78 54 07
Fiskå	97 99 14 90
Florø	57 74 14 88
Folkestad	70 07 30 32
Fortun	57 68 61 28
Fresvik	57 69 74 00
Gjerdsvika	70 02 75 03
Hornindal	57 87 84 10
Kvamsøy	70 02 95 03
Larsnes	97 99 12 60
Lauvstad	70 05 50 03
Leikong	70 08 30 32
Moltu	70 08 50 16
Naustdal	57 81 93 72
Olden	57 87 34 70
Reed	97 99 12 80
Rovde	70 02 26 12
Sandsøy	70 02 90 80
Skjolden	97 99 12 75
Svelgen	57 79 60 60
Syvde	97 99 12 55
Tjørvåg	97 99 14 85
Vadheim	57 71 48 01
Vassenden	97 99 14 20
Åheim	70 02 09 10



Byrkjelo	97 99 14 55
Gaupne	97 99 15 20
Hermansverk	57 65 31 21
Kaupanger	97 99 12 70
Lærdal	99 97 14 30
Sandane	57 86 53 55
Selje	57 85 92 70



Byrkjelo	97 99 14 55
Gaupne	97 99 15 20
Hermansverk	57 65 36 90
Volda - butikk	70 07 49 40
Volda - trelast	70 07 49 49
Åheim	70 02 09 20



Førde	48 01 95 40
Ulsteinvik	97 99 14 00



Eid	57 86 07 33
Fosnavåg	97 99 12 40
Førde	97 99 13 70
Høyanger	57 71 46 60
Sandane	57 86 70 20
Ulstein	97 99 12 90
Volda	97 99 14 40


ANDRE:

GULLSMED	
Førde	48 01 95 75

KAFEAR/KIOSK/BAKERI	
Bakar Jon	57 86 79 90
Extra Førde	48 01 95 22
Extra Volda	97 99 47 86
Mega Sandane	57 86 70 19

MANUFAKTUR	
Førde	97 99 13 76
Høyanger	57 71 46 60
Freequent Sogndal	97 99 14 80
Freequent Øvre Årdal	57 64 88 61

SPORT	
Høyanger	57 71 46 60



Visjon:

Coop Vest SA skal vere den dominerande handelsverksemda i regionen.

Kjære eigarar og tilsette i Coop Vest SA

Coop i Norge og Coop Vest SA har lagt bak seg eit år med store endringar. Kjøp av ICA er kanskje den største strategiske avtalen i norsk detaljhandel gjennom tidene som både er ei utfordring, men og på same tid ei fantastisk moglegheit for Coop i Norge. I året som kjem vil det vere avgjerande at Coop på ein god måte greier å implementere ICA. Svaret får vi om Konkurransetilsynet seier ja til dette på vårparten.

Coop Vest når 50 000 medlemmer og eigarar i 2015 og har stort fokus på sine strategiske mål:

Coop Vest SA skal vere den føretrekte staden å handle daglegvarer og andre produkt/tenester kjeda tilbyr i sitt handelsområde.

Aukande medlemsmasse, tilpassing av butikkstruktur i Coop Vest sine marknadsområde i Sogn og Fjordane og søre delen av Møre og Romsdal er viktig for Coop Vest si utvikling. Spesielt viktig er det når folketalsutviklinga i vårt område i beste fall er marginal positiv. Coop Vest greier å halde ein stabil høg marknadsdel. Rundt dei store byane i Norge er det stor tilflytting og auka folketalsutvikling, men likevel taper

Coop marknadsdelar nasjonalt. Med dette utgangspunktet synest eg det er utruleg flott at Coop Vest sin Extra-butikk på Brulandsvellinge også i 2014 greier å bli nummer 1 – med største omsetning av alle om lag 200 Extra-butikkar nasjonalt.

Brulandsvellinge og tomte på Øyrane får si utforming gjennom samarbeidet som Coop Vest eigeidomselskap har med Coop Eigeidom sentralt. Suksessfaktor er å nytte god lokal kompetanse for å legge til rette for å etablere meir aktivitet i Coop Vest sine marknadsområde. Coop Vest har også i 2014, ved å nytte Coop Vest Eigeidom og samarbeidet med Citus AS på Brulandsvellinge og Amfi AS på Øyrane, fokus på å legge til rette for utvikling i Førde. Engasjement skaper både glede og optimisme, men også kritiske kommentarar frå ein del.

Prosjekt VEIKART vart avslutta i 2014. Gjennom dette prosjektet hadde Coop i Norge fått på plass ei felles leing av Coop. Fokus var at ein skulle spisse handelsdelen og vareleverandøren Coop Norge Handel. Coop Norge SA skal ta seg av dei kooperative verdiane og har det fulle ansvar for heile Coop i Norge. Fokus

på nasjonal strukturplan med 10 kjerne-S-lag er også ein del av Veikart. Årsmøtet i Coop Norge godkjende før jul dette som utgangspunkt og samarbeidsskisse for denne strukturplanen. Coop Vest SA er ein del av denne nasjonale strukturen, og vil i året som kjem stå føre viktig avgjerdslar.

Coop Vest jobbar aktivt med LØNNSEMD-prosjektet i eige lag, og har også forsterka det som ein del av å nå målet for eiga resultatskaping – noko som året viser. Coop nasjonalt går mot lågpris i butikkane, endring av kjede- og formatstrategi, noko som set fokus på effektiv og god butikkdrift. Coop Vest er bevisst på dette og set fokus både lokalt og sentralt på at dette blir ei krevjande reise, så vel for eige lag som nasjonalt.

Coop sitt heilautomatiske lager på Bergmoen må komme i optimal drift, noko som vil gje konkurransekraft til den enkelte butikk og Coop Vest. Å drive god butikk kan høyrast enkelt ut, men å gjere det er noko heilt anna. Det er krevjande å ha rett kompetanse hos tilsette, vere best mogleg på rutinar, ha vareflyt, ha eit minimum av svinn og ha finaste og

beste butikken. Terping av best praksis, klar for kunde og mykje, mykje meir. Keisamt kanskje, men dette er det viktigaste. Eg meiner Coop Vest har vist dette også i 2014 med Norges største og beste Coop Ekstra. Coop Vest kjem også framover til å ha dette som eit kvalitetsstempel.

Coop Vest SA har om lag 900 tilsette, mange tillitsvalde og eigarar, om lag 80 butikkar i eit stort geografisk område og det handlar mykje om INFORMASJON og KOMMUNIKASJON for å gjere oss alle endå betre.

Gratulerer, og takk til alle Dykk for flott innsats i året som har gått. Eg er stolt over å kunne få representere Dykk. Eg er overtydd om at i 2015 kjem Coop Vest SA sine butikkar til å bli utvikla til å bli endå fleire handlande sitt førsteval.

Førde, 29. januar 2015.

Wilhelm Gjertsen
styreleiar Coop Vest SA



Foto: Sine Borheim/Rein Design

Årsmelding og rekneskap for Coop Vest SA

Coop Vest SA er eigd av over 50 000 medlemmer/eigarar, og består av tidlegare innfusjonerte lag frå Sogn og Fjordane og Sunnmøre. Coop Vest SA driv i dag 66 butikkar i 27 kommunar i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Hovudtyngda av verksemda er sal av handelsvarer til medlemmer og kundar. Coop Vest SA sel mest daglegvarer, byggevarer, klede, sko og varer til landbruket. Hovudkontoret ligg i Førde.

Utvikling i detaljhandelen - og samyrkelaga

Konsumprisindeksen 2013 (KILDE SSB, 9.1.2015)

Konsumprisindeksen steig med 2,0 prosent frå 2013 til 2014, mot 2,1 prosent året før.

Dei siste fire åra har matvareprisane hatt mindre stigning, og tidvis negativ, vekst. Prisauken har vore lågare enn den generelle prisveksten. I 2014 steig matvareprisane meir enn gjennomsnittleg prisvekst. Frå 2013 til 2014 auka prisane på matvarer med 2,9 prosent, som er den kraftigaste årsveksten sidan 2009. Det var i hovudsak prisauken frå januar til mars som bidrog til veksten. I tillegg steig matvareprisane 3,2 prosent i juli, den største månadlege oppgangen for matvarer sidan 1982. I siste halvdel av 2014 fall matvareprisane, og denne nedgangen dempa dermed årsveksten for matvarer. Faktorar som medverka til auken var:

- Prisutviklinga på fisk og fiskeprodukt var blant konsumgruppene som bidrog mest til årsveksten for matvarer, særleg prisutviklinga på laks var utslagsgjevande, 11,4 prosent, medan prisane på torsk steig 7,1 prosent i 2014.
- Prisgruppa mjølk, ost og egg steig i gjennomsnitt 3,2 prosent. Mjølkeprisane bidrog mest til oppgangen. Etter eit fall i 2013 steig prisane med 4,1 prosent. Osteprisane auka med 3,8 prosent i 2014.

I løpet av 2014 har energivarene, og då særleg elektrisitetsprisar, hatt ei svakare utvikling enn den totale veksten i KPI. Energivarene har bidrege til å trekke KPI ned med 0,3 prosentpoeng. Elektrisitetsprisane inkludert nettlege fall med 6,9 prosent i 2014 og har gjennom heile året, med unntak av desember, vore under 2013-nivået, og var den enkeltvara som bidrog mest til å dempe årsveksten i KPI.

Omsetning og marknadsdel

Samyrkelaga ser ut til å få ei samla omsetning i 2014 på om lag 41,0 milliarder

dar kroner. Ein auke på 2,7 prosent i høve den samla omsetninga til samyrkelaga og Smart Club AS i 2013.

Innan daglegvarer hadde Coop ein vekst på 2,4 prosent i 2014, medan marknadsveksten var på 4,2 prosent. Coop sin marknadsdel har gått ned med 0,4 prosentpoeng til 22,3 prosent.

Til samanlikning har Coop Vest SA ein marknadsdel på 30,30 prosent.

Pr. 31.12.2014 var 104 samvirkelag medlem av Coop Norge. Ein nedgang på fem lag og skuldast tre fusjonar, ei avvikling og ei utmelding.

Ved utgangen av 2014 var det 1 430 222 medlemmer i norske samyrkelag tilknytt Coop Norge.

Tilsvarende tall for føregåande år var 1 390 430.

Økonomi

Coop Vest SA har også i 2014 halde fram sin plan knytt til å fornye butikkane. Vi gjer dette for å ruste oss for framtida. Styret ser det som svært viktig å fornye butikkmassen, spesielt i regionsentera. Denne satsinga er kostnadskrevjande, men er viktig for å auke framtidige marknadsdelar. Omsetninga i Coop Vest SA auka frå kr 1.596 mill. i 2013 til kr. 1.653 mill. i 2014. Dette er ein auke på kr 56,7 mill. eller 3,6%. Bruttofortenesta auka frå 20,31% i 2013 til 21,13% i 2014. Netto positiv kontantstraum frå dei operasjonelle aktivitetane til selskapet var på kr 39 mill. i 2014 mot kr. 49 mill. i 2013. Netto negativ kontantstraum frå investeringsaktivitetar var kr 14 mill. i 2014 mot kr 23 mill. i 2013. Netto negativ kontantstraum frå finansieringsaktivitetane er kr 12 mill. mot positivt kr 23 mill. i 2013. Nettobeholdning av kontantar er kr 148 mill. i 2014 mot kr 135 mill. i 2013. Dette viser at ein byrjar å få betalt for det høge investeringsnivået ein har hatt dei siste åra knytt til oppgradering av butikknett, samstundes som våre medlemmer finn våre rentevilkår på innskot konkurransedyktige samanlikna med andre.

Personalkostnad målt i høve til omsetning har gått noko ned i høve til 2013 –



LOKALT PRODUSERT: Urter frå «Høgt og vilt»

**I Coop Vest SA er kvinnedelen stor.
I 2014 er 71% av alle tilsette kvinner.
I leiande stillingar er samansetninga
38 kvinner og 42 menn.**

13,21% av omsetnaden i 2014 mot 13,45% i 2013. Det vert arbeidd hardt i butikkane for å bli meir effektiv og arbeide rettare. På same tid har varehandelen dei siste åra vore gjennom tøffe lønnsoppgjær, noko som gjer at personalkostnaden aukar målt i kroner. Årsresultatet etter skatt er kr 13,5 mill. mot 5,1 mill. i 2013, ein auke på kr 8,4 mill. Hovudårsaka til resultat-auken er ein konsekvens av langsiktige investeringar kombinert med den innsatsen som er lagt ned gjennom arbeid i butikk, og som no byrjar å gje resultat. Totalkapitalen for Coop Vest SA var ved utgangen av 2014 kr 682 mill. noko som er uendra samanlikna 2014. Eigenkapitalen i 2014 er på kr 252 mill. (36,92%) mot kr 238 mill. (34,93%) i 2013. I ein situasjon med fortsatt stor investeringsaktivitet er styret nøgd med at ein klarer å styrke ein allereie god eigenkapital. Verdijustert eigenkapital er på nærare 50%, noko som gjev selskapet vesentleg handlefridom dei komande åra.

Disponering av årsresultatet

Styret vil foreslå at årsresultatet vert nytta slik:

Til rente på ansvarsinnkotkr	73 276
Til anna eigenkapital	kr 13 473 320
Sum	kr 13 546 596

Forhold etter rekneskapsårets slutt

Det er ikkje skjedd noko etter rekneskapsårets slutt som er viktig for det framlagde årsrekneskapet.


Medlemsutvikling

Som ein medlemseigd organisasjon har Coop ein god plass i varehandelen. Kjøpeutbytte og medlemsrabattar blir utbetalt til medlemene; som alle har eigarandelar. Ved utgangen av 2014 var det 49 889 medlemmer i Coop Vest SA.

Coop Vest SA sitt medlemskort vert brukt på om lag 73% av all omsetnad i våre butikkar. Kjøpebonus, rabatt frå samarbeidspartnarane og renter på medlemskontoen blir utbetalt med til saman kr 27 095 000.

Spareordning

Stadig fleire brukar spareordninga i samvirkelaga. Totalt har medlemene kr 313 395 197 i Coop Vest SA. Rentene er konkurransedyktige, og innskota er garantert av samvirkelaget sitt Garantifond A/L. Medlemene kan sjekke saldoen på eiga medlemside på coop.no.

 «Extra stort utval til Extra låge prisar»


Tal butikkar: 7

Omsetnad: kr 467 902 242

Kjeden enda i 2014 ut med ein vekst på 28,14% (9,9% på samanliknbare butikkar).

Coop Extra Sogndal er den butikken som har hatt størst vekst i 2014 med 17,3%. Tett følgd av Coop Extra Øvre Årdal og Coop Extra Volda.


Coop Extra Førde er framleis Norges største Extrabutikk, sjølv om kjeden har 200 Extradaglegvarebutikkar rundt om i landet.

 «Smil – du har gjort ein god deal»

Tal butikkar: 7

Omsetnad: kr 211 363 642

Samla nedgang for prixbutikkane er 12,07%, som skuldast nedlegging av Prix Ørsta og Prix Årdalstangen. Samanliknbare butikkar viser ein vekst 7,7%. Prix Byrkjelo er den butikken som har hatt størst vekst i 2014, med 31,1%.

 «Eit hav av fristelsar»

Tal butikkar: 7

Omsetnad: kr 385 660 089

Samla nedgang for megabutikkane er 7,15%, som skuldast omprofilering Mega

Øvre Årdal til Coop Extra Øvre Årdal i 2013. Samanliknbare butikkar viser ein vekst på 1,2%. Coop Mega Eid er den butikken som har størst vekst, med 3,8%.

 «Godt vi har kvarandre»

Tal butikkar: 28

Omsetnad: kr 341 740 809

Coop Marked hadde ein omsetningsauke i 2014 på 0,82% (3,9% på samanliknbare butikkar). Nærkjøp Skjolden, Fresvik og Fortun blei i 2014 omprofilert til Marked. Coop Marked Svelgen og Coop Marked Syvde er dei butikkane som har hatt størst vekst i 2014, med over 9%.

Vi har i løpet av 2014 oppgradert:

- Coop Marked Balestrand
- Coop Marked Fortun

Coop Marked Raudeberg vart nedlagt i august 2014



Tal butikkar: 5

Omsetnad: kr 71 090 493

Kjeden enda i 2014 ut med om lag same omsetning som i 2013. Byggmix Åheim er den butikken med størst omsetningsvekst i 2014 med 12,7%



Tal butikkar: 2

Omsetnad: kr 111 810 671

Coop Extra Bygg enda i 2014 med ein vekst i omsetnaden på 17,3%. Begge butikkane har teke posisjon som det leiande byggevarehuset i sin region. Coop Extra Bygg Førde er den butikken med størst omsetningsvekst i 2014 med 21,3%



LOKALT PRODUSERT: Laks frå «Svanøy Røykeri»

Foto: Thor-Aage Lillestøl/Rein Design

Coop Vest SA har ein marknadsdel i 2014 på 30,30 prosent på daglegvarer

coop Diverse butikkar

Tal butikkar:10
Omsetnad kr 62 958 119

Gruppa består av Kafear i Extra Førde / Sandane / Volda, Domus Klede i Førde / Høyanger, Freequent, kle i Sogndal og Øvre Årdal, Sporten Høyanger, Gull og Sølv i Førde og Bakar Jon. Denne gruppa hadde ein omsetningsreduksjon på 12,24% grunna nedlegging av Driftsmiddel Byrkjelo, Post i Øvre Årdal, sal av Esso Byrkjelo og Verkstad Byrkjelo i 2013.

Coop Vest Eigedom AS

Coop Vest SA har store verdiar i eigedomar. Desse eigedomane er delvis eigd av samyrkelaget og delvis gjennom eigedomselskapet Coop Vest Eigedom AS. Aksjane i dette eigedomselskapet er likt fordelt mellom Coop Vest SA og Coop Norge Eigedom AS. Coop Vest Eigedom AS skal utvikle eksisterande og nye eigedomar, samt ivareta Coop Vest SA sine interesser i utviklingsprosjekt.

Coop Vest Eigedom AS har avtale med Coop Eigedom Forvaltning AS om drift og forvaltning av selskapet. Ved årsskiftet hadde selskapet 15 heil- og deleigde eigedomar i sin portefølje til ein bokført verdi på kr 261 129 000,-

Coop Vest Eigedom AS er medeigar i utviklingsprosjekt saman med Moengården Vest AS på Nordfjordeid, Setrevegen 2 AS i Stryn, Fjæra Eigedom AS i Naustdal og Citus AS i Førde.

Årsmøtet

Årsmøtet er Coop Vest SA sitt øvste organ med 30 representantar. Av desse representerer 20 personar dei medlemsvalte, medan 10 er valt av dei tilsette. Ordførar er Harald Kvame og varaordførar er Jermund Fimreite. Ordføraren vert kalla inn til alle styremøte med talerett, men ikkje stemmerett.

Årsmøtet har i 2014 hatt to møter og handsama 27 saker. Det har vore halde tre

regionrådsmøter og medlemstreff i kvar region i 2014.

Styret

Anders Kleiveland, valt av dei tilsette, Kari Riise og Hege Inderberg, valt av medlemene, blei nye styremedlemmer i 2014.

Styret har i 2014 hatt 7 styremøter og 79 saker vart behandla.

På kvart møte får styret rapportar som viser økonomisk utvikling i den einiskilde butikk kvar måned og akkumulerte.

Representasjon

Nestleiar Trudi Vågane og adm.dir. Geir Espe, er medlem av Årsmøte i Coop Norge SA. Wilhelm Gjertsen er nestleiar i Coop Norge SA sitt styre.

Våre tilsette

Gjennom 2014 har til saman 1481 personar hatt tilsetjingstilhøve i Coop Vest SA, og ved årets slutt var det registrert i alt 871 tilsette. Av desse var det 161 heiltidsstillingar og 710 deltidstillingar/ekstrahjelpar, totalt 446 årsverk. Kvinneandelen av tilsette i laget er stor, og 71,2% av alle tilsette var kvinner.

Laget hadde i 2014 i alt 42 menn og 38 kvinner i leiande stillingar.

Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettigheter, samt å hindra diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Coop Vest arbeider målretta for å fremje lova sine formål innanfor vår virksomheit. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingsmoglegheiter og beskytting mot trakassering. Selskapet har som mål å vere ein arbeidsplass der diskriminering ikkje finn stad på grunn av nedsett funksjonsevne. Laget arbeider aktivt og målretta for å utforme og tilrettelegge dei fysiske forholda slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mogleg. For arbeidstakarar eller

arbeidssøkarar med nedsett funksjonsevne foretar vi individuell tilrettelegging av arbeidsplass og arbeidsoppgåver.

Gullklokker

I 2014 var det i alt 4 tilsette som fikk gullklokke etter 25 års samanhengande tenestetid.

Dei fire er: Bjørn Audun Osnes - Coop Byggmix Ulsteinvik, Marino Ask - Coop Prix Hermansverk, Bjørg Aase - Coop Extra Bygg Førde og Mildrid Myrvoll - Coop Marked Naustdal.

Gullklokkene vart delt ut i samband med dei regionale samlingane hausten 2014.

Kompetanse

Utvikling av kompetansen hjå dei tilsette i laget er til ei kvar tid viktig for å skape framgang. Vi har i 2014 hatt fokus på leing hjå tilsette med leiaransvar i laget. Gjennom samlingar og mellomperiodeoppgåver har deltakarane fått innføring i, og trena på sentrale verktøy i det å vere leiar.

I samband med rekruttering av nye unge tilsette har Coop Vest SA inngått ein samarbeidsavtale med Mo og Øyrane vgs om 4S-ordning der vi deltek i opptaksprosessen til skulen. Eleven deltek vekselvis på skulen og i Coop Vest SA i 4 år. Til saman 4 år på skule og i bedrift gjev fagbrev og studiekompetanse.

Arbeidsmiljøet

Coop Vest har frå 2010 vore IA-bedrift, og laget har gjennom IA-systemet arbeidd aktivt for å redusere sjukefråvære. Dette arbeidet har også gitt resultat. Det totale sjukefråværet var i 2010 8,6%, 7,2% i 2011 og 6,7% i 2012. I 2013 var sjukefråværet 7,4% og i 2014 ein nedgang til 6,6%. Av dette utgjorde kortidsfråværet 2,3%

I 2014 er det registrert to skader som har medført sjukemelding.

Målsetjinga for HMS-arbeidet i Coop Vest SA er primært å førebygge ulykker og helseskadar, samt å skape trivsel for medarbeidarane. Gjennom eit godt arbeidsmiljø, gode rutinar og konkurran-



LOKALT PRODUSERT: Kvit Undredalsost frå «Undredal støytsysteri»

Foto: Thor-Aage Lillestøl/Rein Design

Coop Vest SA

Resultatrekneskap pr. 31.12.2014

Coop Vest SA sin kontantstrøm i 2014 er positiv med 13 mill. kroner

sedyktig drift skal vi lage gode løysingar som kundane våre ynskjer å nytte.

Samarbeids- og miljøutvalet har i 2014 hatt følgjande samansetning:

Frå arbeidstakar: Jostein Heilevang, Bjørg Aase, May Iren Kleppe, Mildrid Myrvoll, Karoline K. Kjerpeseth og Arna Fjellkårsstad, Torfinn Watten

Frå arbeidsgjevar: Wilhelm Gjertsen, Geir Espe, Remi Tystad, Øyvind Indrebø, Anne Grepstad

Arbeidet i Samarbeids- og miljøutvalet har vore utført i samsvar med retningslinjene. Laget har hatt fire møter i 2014, og har mellom anna drøfta ombyggingssaker, opplæring, informasjonsrutinar, butikkstruktur og vernerundar.

Regionale samlingar

Coop Vest SA gjennomførte hausten fire regionale samlingar for tilsette og medlemstillitsvalde i laget. I tillegg til informasjon om drift og utvikling i Coop Vest SA, vart det gjennomført ein innlegg av med Bjørn Volstad med salsleing som tema.

Miljø

Forureining av det ytre miljø, som følge av laget si verksemd er akseptabelt.

Kjerneverksemda til Coop Vest SA er kjøp og sal av varer. Verksemda påverkar miljøet direkte og indirekte gjennom transport, avfall, energiforbruk og miljømessige effektar varene kan medføre etter at den er selt til forbrukar.

Miljøaspekt har sterk forankring i Coop sitt verdigrunnlag. Ein av Coop sine kjerneverdiar er «omtanke» – for menneske, dyr og miljø. Vi søker derfor å motverke miljømessige skadeverknader gjennom ein strategi som går på å vere i fremste

rekke når det gjeld avfallhandtering, bruk av miljøvennlege kjølemedia, varmegjenvinning og energiøkonomisering generelt. Ved ombyggingar og planlegging av nye butikkar tek vi miljøomsyn. Coop satsar aktivt på å bygge ut daglegvaresortimentet med økologiske og miljøvennlege produkt. Med dette håpar vi å medverke til gode haldningar blant medarbeidarar og forbrukarar. Coop sine daglegvarekjeder er blant dei store norske kjedane som har størst sortiment av økologiske og miljøvennlege varer. Våre verdiar skal prege det arbeidet vi gjer gjennom vegval, samarbeid internt og eksternt, kunderelasjonar og heile bedriftskulturen.

Finansiell risiko og utsikter framover

Likviditeten i selskapet vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje bestemt å gjennomføre tiltak som endrar likviditetsrisikoen. Største likviditetsrisikoen relaterer seg til uttak av medlemsinnkot. For Coop Vest SA sin del så meiner ein at gjennom eit konkurransedyktig rentenivå så er denne risikoen avgrensa.

Årets resultat viser ein positiv trend på butikknivå. Fleire butikkar har i 2014 gode resultatforbetringar.

Det er framleis rom for forbetringar. Vi vil ha fokus på å redusere svinnet, auke effektiviteten, sikre godt arbeidsmiljø og arbeide med verktøyet «Klar for Kunde» også i 2015.

Våre oppgraderingsprosjekt i eksisterande butikkportefølje har gjeve omsetningsauke. Dei siste års store investeringsprosjekt tyngjer framleis nokre av avdelingsrekneskapa. Men auka konkurransekraft vil trygge butikkane og gje framtidig god lønsemd. Nye oppgraderingsprosjekt står klare i åra framover.

Nyetableringar vert vurdert fortløpande i høve til moglegheiter i marknaden, kalkulert inntening og risiko. Slik skal salsvekst og langsiktig lønsemd sikrast.

Grunnlaget for vidare drift

Årsrekneskapa er gjort opp ut frå føresetnad om vidare drift.

Styret meiner at det er grunnlag for vidare drift.

Styret meiner at det framlagde rekneskapa gir eit rett bilde av Coop Vest SA sine egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

Kjøpeutbytte 2015

Det er førehandsgarantert 1% kjøpeutbytte for år 2015.

Avslutning

I skrivande stund er vi allereie langt inne i eit nytt år med nye store oppgåver for Coop Vest SA. Året vert krevjande, med mange moglegheiter. I ei tid med store butikkomleggingar står arbeidsoppgåvene i kø. Saman skal vi gjere alt for at Coop Vest SA skal ha ein sterk marknadsposisjon og framstå med gode og tidsriktige butikkar.

Vi må fokusere på rasjonell, effektiv og konkurransedyktig drift. Butikkane i marknadsområdet vårt må tilpassast brukarane for å vinne konkurransen.

Styret vil til slutt takke alle som i år 2014 har bidrege til at vi fekk den positive utviklinga i Coop Vest SA. Takka går til alle tilsette for stor og god innsats og til tillitsvalde på alle plan. Ei særleg takk til våre medlemmer og kundar som støttar opp om laget.

NOTE	2014		2013		
		%	i 1000 KR	%	
SALSINNTEKT	3	1 652 526 065	100,00	1 595 853	100,00
KJØPEUTBYTTE TIL MEDLEMER	1	12 144 684		11 726	
NETTO OMSETNING		1 640 381 381		1 584 127	
VAREKOSTNAD		1 291 157 244	78,13	1 259 997	78,95
BRUTTOFORTENESTE		349 224 137	21,13	324 131	20,31
ANDRE NETTO DRIFTSINNTEKTER	2	38 856 130	2,35	48 232	3,02
NETTO DRIFTSINNTEKTER		388 080 267	23,48	372 363	23,33
LØNNKOSTNAD	5, 6	218 302 818	13,21	214 599	13,45
AVSKRIVING PÅ VARIGE DRIFTSMIDLAR	7	32 476 658	1,97	33 065	2,07
ANNA DRIFTSKOSTNAD	14	116 223 931	7,03	113 035	7,08
SUM DRIFTSKOSTNADER		367 003 407	22,21	360 699	22,60
DRIFTSRESULTAT		21 076 860	1,28	11 664	0,73
FINANSINNTEKTER	2	5 581 670	0,34	3 616	0,23
FINANSKOSTNADER	2	7 145 091	0,43	6 785	0,43
NETTO FINANSIELLE POSTAR		-1 563 421	-0,09	-3 169	-0,20
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNADER		19 513 439	1,18	8 495	0,53
SKATTEKOSTNAD PÅ ORDINÆRT RESULTAT	10	5 966 843	0,36	3 355	0,21
ÅRSRESULTAT		13 546 596	0,82	5 140	0,32
OVERFØRINGAR					
OVERFØRT TIL RENTER AV ANSVARSINNSKOT		73 276		72	
OVERFØRT TIL ANNA EIGENKAPITAL		13 473 320		5 068	
Sum overføringar		13 546 596		5 140	

Førde 27. februar 2015


Wilhelm Gjertsen
 styreleiar


Kari Riise
 styremedlem



Hege Inderberg
 styremedlem


Anders Kleiveland
 styremedlem valt av tilsette


Trudi Vågane
 nestleiar


Geir Arvik
 styremedlem


Martin Hamre
 styremedlem valt av tilsette


Dagmar Nese
 styremedlem valt av tilsette


Geir Espe
 adm. direktør

Coop Vest SA

Balanse pr. 31.12.2014

NOTE	2014		2013	
		%	i 1000 KR	%
EIGEDLAR				
ANLEGGSMIDLAR				
IMMATERIELLE EIGEDLAR				
UTSATT SKATTEFORDEL	10	11 084 548	15 173	
GOODWILL	7	1 374 000	1 740	
SUM IMMATERIELLE EIGEDLAR		12 458 548 1,83	16 913 2,84	
VARIGE DRIFTSMIDLAR				
AKTIVERTE KOSTN. LEIDE LOKALE	7	10 907 000	12 133	
TOMTER, BYGNINGAR	7,9	187 591 068	191 476	
MASKINER OG ANLEGG	7	27 032 040	29 409	
INVENTAR, KONTORMASKINER	7	33 321 152	43 238	
SUM VARIGE DRIFTSMIDLAR		258 851 261 37,94	276 255 40,53	
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR				
INVESTERING I TILKNYTTA SELSKAP	8	69 336 000	69 336	
ANDELSINNSKOT NKL		34 612 959	34 613	
INVESTERING I AKSJER OG ANDELER		635 667	636	
SUM FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR		104 584 626 15,33	104 585 15,34	
SUM ANLEGGSMIDLAR				
		375 894 435	397 754	
OMLØPSMIDLAR				
VAREBEHALDNING	4,9	141 404 000	133 658	
PROSJEKT I ARBEID		2 956 800	0	
DEBITORAR		10 779 008	11 901	
ANDRE FORDRINGER		2 830 819	3 215	
INNSKOT NKL		944 524	12 856	
BANKINNSKOT, KONTANTAR	13	147 485 820	122 307	
SUM OMLØPSMIDLAR		306 400 970 44,91	283 938 41,65	
SUM EIGEDLAR				
		682 295 405 100,00	681 691 100,00	

Coop Vest SA

Eigenkapital og gjeld pr. 31.12.2014

NOTE	2014		2013	
		%	i 1000 KR	%
EIGENKAPITAL				
INNSKOTEN EIGENKAPITAL				
MEDLEMANE SITT ANSVARSINNSKOT	11, 12	14 963 570	14 660	
SUM INNSKOTEN EIGENKAPITAL		14 963 570 2,19	14 660 2,15	
OPPTENT EIGENKAPITAL				
FELLESEIGD ANSVARSKAPITAL	11	39 338 956	39 339	
UTBYTTEFOND	11	28 163 832	28 164	
ANNA EIGENKAPITAL	11	169 419 513	155 946	
SUM OPPTJENT EIGENKAPITAL		236 922 301 34,72	223 449 32,78	
SUM EIGENKAPITAL				
	11	251 885 871 36,92	238 109 34,93	
GJELD				
AVSETNING FOR FORPLIKTINGAR				
PENSJONSFORPLIKTELSE	6	284 641	941	
SUM AVSETNING FOR FORPLIKTINGAR		284 641 0,04	941 0,14	
ANNA LANGSIKTIG GJELD				
MEDLEMSINNSKOT		299 748 326	295 860	
GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR	9, 16	17 090 000	19 230	
ØVRIGE LANGSIKTIG GJELD		40 000	40	
SUM ANNA LANGSIKTIG GJELD		316 878 326 46,44	315 130 46,23	
KORTSIKTIG GJELD				
LEVERANDØRGJELD		38 061 493	55 006	
BETALBAR SKATT	10	1 816 836	416	
SKULDIG OFFENTLEG AVGIFTER		29 781 268	30 089	
SKULDIG KJØPEUTBYTTE		14 381 381	13 898	
ANNA KORTSIKTIG GJELD	15	29 205 588	28 103	
SUM KORTSIKTIG GJELD		113 246 567 16,60	127 511 18,71	
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD				
		682 295 405 100,00	681 691 100,00	

Førde, den 31. desember 2014 / 27. februar 2015


Wilhelm Gjertsen
 styreleiar


Kari Riise
 styremedlem



Hege Inderberg
 styremedlem


Anders Kleiveland
 styremedlem valt av tilsette


Trudi Vågane
 nestleiar


Geir Arvik
 styremedlem


Martin Hamre
 styremedlem valt av tilsette


Dagmar Nese
 styremedlem valt av tilsette


Geir Espe
 adm. direktør

Coop Vest SA

Notar til rekneskapet 2014

1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Noreg.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Anleggsmidlar som ein reknar med har varig verdi lågare enn balanseført verdi, er nedskrivne. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne lineært over den økonomiske levetida.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Annan langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Immaterielle eigedelar

Utgifter til eigen tilverknad av immaterielle eigedelar, herunder utgifter til eigen forskning og utvikling, vert balanseført når det er sannsynleg at dei framtidige økonomiske fordelane vert knytt til eigedelane vil tilflyte selskapet og anskaffelseskost kan mål-ast påliteleg.

Immaterielle eigedelar som er kjøpt enkeltvis, er balanseført til anskaffelseskost. Immaterielle eigedelar overtatt ved kjøp av verksemd, er balanseført til anskaffelseskost når kriteria for balanseføring er oppfylt.

Immaterielle eigedelar med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Immaterielle eigedelar nedskrivast til gjenvinnbart beløp dersom dei forventa økonomiske fordelane ikkje dekker balanseført verdi og eventuelle attståande tilverknadsutgifter.

Leigeavtalar

Driftsmiddel som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiert leasing), vert balanseført under varige driftsmiddel og tilhøyrande leigeplikter er tatt med som skyldnad under renteberande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalingane. Driftsmiddelet er avskrive planmessig, og skyldnaden er redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Inntekter

Inntekt rekneskapsførast når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovedsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene

vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Kostnader

Kostnader rekneskapsførast som hovudregel i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfelle der det ikkje er ein klar samanheng mellom utgift og inntekt vert fordelinga fastsett etter skjønnsmessige kriterie. Øvrige unntak frå samanstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

Varer

Varer er vurdert til lågaste av anskaffingskost etter FIFO - metoden og netto salsverdi. Det vert avsett for pårekeleg ukurans på verdien av varelageret.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månadar frå anskaffing.

Aksjer og andelar i tilknytt selskap og datterselskap

Investeringar i datterselskap vurderast etter kostmetoden. Investeringa blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande og det må sjåast på som nødvendig etter god regnskapsskikk. Motteke utbytte og konsernbidrag frå datterselskap er inntektsført som anna finansinntekt. Tilsvarende gjeld for investering i tilknytt selskap.

Pensjonar

Innskotsplanar vert periodisert etter samanstillingsprinsippet. Årets innskot til pensjonsordninga kostnadsførast.

Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytelsesplan, kostnadsførast forpliktinga over opptjeningstida i samsvar til planen sin opptjeningsformel. Allokeringmetode tilsvarar planen sin opptjeningsformel med mindre det vesentlege av opptjeninga skjer mot slutten av opptjeningsperioden. Lineær opptjening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretakspensjon vert brukt lineær opptjening.

Estimatavvik og verknaden av endra forutsetningar amortiserast over forventa gjenverande opptjeningstid i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor). Verknaden av planendringar med tilbakeverkande kraft, som ikkje er betinga av framtidig tilsetning, vert rekna inn i resultatrekneskapen umiddelbart. Planendrin-

gar med tilbakeverkande kraft som er betinga av framtidig tilsetning, vert fordelt lineært over tida fram til ytelsen ikkje lenger er betinga av framtidig tilsetning.

For opptjeningsbaserte uføreytelsar som er ein separat plan, vil effekten av eventuelle estimatavvik og planendringar resultatførast umiddelbart.

Netto pensjonsforplikting er differansen mellom noverdien av pensjonsforpliktingane og verdien av pensjonsmidlar som er avsett for betaling av ytelsane. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi.

Måling av pensjonsforplikting og pensjonsmidlar gjennomførast på balansedagen. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala, og er berekna av netto faktisk underfinansiering. AFP-forpliktingar innanfor LO/NHO-ordninga er ei ytelsesbasert fleirføretaksordning, men som rekneskapsførast som ei innskotsbasert ordning då den ikkje er målbar.

Låneinnskot frå medlemene

Låneinnskot frå medlemene er klasifisert som langsiktig gjeld.

Kjøpeutbytte

Kjøpeutbytte til medlemene er ført som reduksjon i salsinntekt.

Skattar

Skattekostnaden er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytta til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden er sett saman av betalbar skatt (skatt på årets direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære poster ut frå skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

2 Postar som er samanslegne

Resultatrekneskapen	2014	2013
Andre driftsinntekter		
Husleigeinntekt	3 911 595	3 216 875
Provisjonsinntekter	13 444 312	12 051 501
Bonus NKL og andre	19 290 662	18 883 965
Arbeidsinntekt verkstad	0	398 786
Vinst v/sal anleggsmiddel	562 240	7 312 100
Diverse inntekter	1 647 321	6 369 1196
Sum andre netto driftsinntekter	38 856 130	48 232 346

Finansinntekter		
Renteinntekt	5 567 587	3 601 461
Anna finansinntekt	14 083	14 221
Sum finansinntekter	5 581 670	3 615 682

Finanskostnader		
Rentekostnader	6 257 511	6 012 840
Annan finanskostnad	887 580	772 157
Sum finanskostnader	7 145 091	6 784 997

3 Salsinntekter

	2014	2013
Pr. verksemdsområde		
Handelsverksemd - detaljhandel/daglegvarer	1 406 666 782	1 359 815 591
Handelsverksemd - detaljhandel/faghandel	245 859 283	236 037 779
Sum	1 652 526 065	1 595 853 370

Omsetning fordelt pr. profil		
Mega	385 660 089	415 347 144
Extra	467 902 242	365 142 538
Prix	211 363 642	240 364 343
Marked	341 740 809	338 961 566
Spesialvarer	36 496 594	38 631 799
Kafe	26 461 525	19 302 424
Bygg	182 901 164	164 302 893
Anna	0	13 800 663
Sum	1 652 526 065	1 595 853 370

I 2014 investerte Coop Vest SA 25 millionar kroner

4 Varer

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg anskaffingskost og netto salsverdi. Varebeholdninga er i balansen ført opp til kostpris med frådrag for ukurans.

5 Lønnskostnader, tal tilsette, godtgjerings, lån til tilsette mm.

Lønnskostnader	2014	2013
Lønningar	186 006 092	182 851 915
Folketrygdavgift	24 032 353	24 319 394
Pensjonskostnader	5 874 891	5 356 808
Andre ytingar	2 389 397	2 070 835
Sum	218 302 733	214 598 951
Gjennomsnittleg tal tilsette	871	972

Ytingar til leiande personar	Lønn	Anna godtgjerings
Dagleg leiar	1 605 224	6 868
Styreleiar	124 071	
Øvrige styremedlemer	29 193 fast godtgjerdslø	
Øvrige styremedlemer	900 pr. møte	

Det er ikkje gjeve lån eller bonusavtale til leiande personar eller medlemer av styret.

Administrerande direktør har avtale om eitt års etterlønn ved avgang.

Revisor

Godtgjersle til KPMG er fordelt slik:	
Lovpålagt revisjon eks. mva	316 444
Bistand rekneskap/likningspapir eks. mva	92 703

6 Pensjonskostnader, -middel og -ansvar

Foretaket er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon, og har pensjonsordning som tilfredsstillar krava i denne lova.

Innskotsplan

Føretakets innskotsordning er organisert i henhold til lov om innskotspensjon.

Ytingsplan

Selskapets ytingsbaserte pensjonsordningar gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er fondert gjennom et forsikringsselskap. Denne ordninga vart lukka i løpet av 2012.

Som følge av AFP-tilskottsloven vart gammal AFP-ordning lukka per 31.12.2010. Lukkinga av denne vart behandla rekneskapsmessig som avkorting. Den nye AFP-ordninga er ei ytingsbasert fleirføretaksordning, som den gamle AFP-ordninga i LO/NHO-området. Den nye AFP-ordninga vert rekneskapsmessig å sjå på som ei ny ordning, ikkje som ei endring av den eksisterande ordninga.

Rekneskapsføring knytta til gammal AFP-ordning

Gjenverande rekneskapsført forplikting for gammal AFP-ordning knyter seg til betjening av AFP-pensjonistar gått av før 2011 (25% eigenandel samt premie for åra 2011-2015). I årets pensjonskostnad inngår også ei avsetning for å dekke opp ei forventet utbetaling knytt til ei underdekning i den tidlegare AFP-ordninga. Denne avsetninga er balanseført som langsiktig gjeld.

Rekneskapsføring av forplikting for ny AFP-ordning

Føretaket har ei reell økonomisk forplikting som følge av avtalen om ny AFP-ordning. I 2014 føreligg imidlertid ikkje tilstrekkeleg informasjon for å mogleggjere innrekning av ny forplikting i årsrekneskapet for 2014. Dette medfører at ingen forplikting for ny ordning vert balanseført i 2014.

Pensjonsforpliktingar 31.12.	2014	2013
Påløpte pensjonsforpliktingar 31.12	5 358 556	4 501 593
Verkeleg verdi av pensjonsmidlar	- 4 766 647	-3 769 834
Arbeidsgjevaravgift	72 805	90 007
Estimatavvik	- 380 074	119 307
Sum netto ytingsbasert pensjonsforpl. 31.12.	284 641	941 074

Coop Vest SA sitt medlemskort vart i 2014 brukt på omlag 73% av all omsetnad i våre butikkar

Pensjonsmidlar består av følgjande

	2014	2013
Aksjar	529 098	11,10%
Omløpsobligasjonar	729 297	15,30%
Pengemarked	1 120 162	23,50%
Anleggsobligasjonar	1 553 927	32,60%
Eigedom	676 864	14,20%
Anna	157 299	3,30%

Endring i noverdi av ytingsbaserte pensjonsforpliktingar

	2014	2013
Ytingsbasert pensjonsforplikting 01.01.	6 076 133	5 930 507
Årets pensjonsopptjening	35 760	3 611
Rentekostnad på pensjonsforpliktingane	212 643	216 198
Effekt omdanning 01.09.2012	0	0
Estimatavvik	-6 056	-82 848
Pensjonsutbetalingar	-959 924	-1 565 876

Ytingsbasert pensjonsforplikting 31.12.

	5 358 556	4 501 592
--	------------------	------------------

Endring i pensjonsmidlar

	2014	2013
Pensjonsmidlar ved periodens start	4 963 889	3 215 766
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	205 575	112 908
Aktuarielt (tap)/gevinnt	-135 496	600 067
Administrasjonskostnader	-116 270	-94 440
Innbetalt premie / til premiefond	176 116	91 193
Pensjonsutbetalingar	-327 167	-155 661

Pensjonsmidlar (markedsverdi) pr. 31.12.

	4 766 647	3 769 833
--	------------------	------------------

Kostnad innrekna i resultatet

	2014	2013
Årets pensjonsopptjening	35 760	3 611
Rentekostnad på pensjonsforpliktingane	212 643	216 198
Pensjonskostnad (brutto)	248 403	219 809
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-89 305	-18 468
Pensjonskostnad (netto) før AGA	159 098	201 341
Res. ført aktuarielt tap/(gevinnt)	-354 021	1 334 673
Res. ført nettoforpl. (gev) pga. omdanning 01.09.2012	0	0
Res. ført andel akt. tap pga. omdanning 01.09.2012	0	0
Periodisert arbeidsgjevaravgift	19 570	24 765

Resultatført pensjonskostn. etter AGA

	-175 353	1 560 779
--	-----------------	------------------

Innskotsbasert pensjonsordning	3 310 395	1 638 990
Tilskot til LO/NHO-ordninga	3 057 963	3 387 138

Aktuarielle føresetnader for berekning av kostnad

	2014	2013
Diskonteringsrente	3,00%	4,10%
Avkastning på pensjonsmidlane	3,80%	4,40%
Lønnsvekst	3,25%	3,75%
Regulering av opptent pensjon i folketrygda	3,00%	3,50%
Regulering av pensjonar under utbetaling	0,10%	2,75%

Aktuarielle føresetnader for berekning av forplikting

	2014	2013
Diskonteringsrente	3,00%	4,10%
Avkastning på pensjonsmidlane	3,80%	4,40%
Lønnsvekst	3,25%	3,75%
Regulering av opptent pensjon i folketrygda	3,00%	3,50%
Regulering av pensjonar under utbetaling	0,10%	2,75%

Benytta dødlegheitstabell Uføretabell

	K2013 BE IR02	K2013 BE IR02
--	------------------	------------------

Avkastning og samansetjing av pensjonsmidlar:

Faktisk avkastning ikkje opplyst frå aktuar

	2014	2013
Tal i ordninga		
Sikra ordningar		
Aktive	2	0
Pensjonistar	22	23

Coop Vest SA sin verdjusterte egenkapital i 2014 er på nærare 50%, noko som gjev selskapet god handlefridom dei komande åra

7 Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er fordelt lineært over forventa økonomisk levetid.

	Goodwill	Aktiverte kostn. Leigde lokale	Bygn. og anna fast eigedom	Maskiner og anlegg	Driftslausøyre, inventar, verktoy ol	Totalt
Anskaffingskost 1.1.	1 830 500	14 765 710	290 811 394	93 565 214	168 678 617	569 651 435
Tilgang kjøpte driftsmidlar	0	0	3 347 010	5 422 361	6 015 394	14 784 765
Avgang	0	0	0	-2 400	-75 929	-78 329
Anskaffingskost 31.12.	1 830 500	14 765 710	294 158 404	98 985 175	174 618 082	584 357 871
Akkumulerte av-/nedskrivningar	456 500	3 858 710	106 567 336	71 953 135	141 296 930	324 132 610
Bokført verdi pr. 31.12.	1 374 000	10 907 000	187 591 068	27 032 040	33 321 152	260 225 261
Årets avskrivningar	366 000	1 226 000	7 232 256	15 336 466	8 315 936	32 476 658
Økonomisk levetid	5 år	10 år	25 - 50 år	3-7 år	5-7 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Årleg leige av ikkje balanseførte leigeavtalar:
 Leige av lokale til butikkdrift kr 27 631 056
 Leige av maskiner og utstyr kr 153 089

8 Datterselskap, tilknytt selskap m.v.

Anleggsaksjar og mindre investeringar i andre selskap der selskapet ikkje har betydeleg innflyting er balanseført til kostpris. Investeringane blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Utbetalingar frå selskapet er inntektsført som anna finansinntekt.

	Forretningskontor	Stemmeandel	Eigardel	Eigenkapital i følgje siste årsregnskap	Årsresultat i følgje siste årsregnskap
Firma					
Coop Vest Eigedom AS	Moss	50,00%	50,00%	149 357 909	3 955 928

9 Pantsettingar og garantiar m.v.

Samvirkelagenes Garantifond AL, Oslo, har pant for kr 170.000.000 i varelageret og for kr. 160.000.000 i fast eigedom. Dette er garantiansvar for medlemmane sitt låneinnskott i samvirkelaget. Langsiktig gjeld på kr. 17.090.000 er sikra med pant i fast eigedom med bokført verdi kr. 91.436.048 og tilhøyrande lausøyre inntil pålydande kr. 40.000.000 pr. 31.12.14.

Coop Vest SA har i 2014 hatt 7,4 millionar betalende kundar som har handla over 62 millionar varer

10 Skatt

Skattar blir kostnadsført når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt og skatt på formue i samvirkebedrifter) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i samsvar med skattegrunnlaget.

Årets skattekostnad fremkjem slik:

Betalbar inntektsskatt	1 177 282
Betalbar formueskatt	639 554
For lite avsett tidl. år	61 084
Brutto endring utsett skattefordel i balansen	4 088 923
Skattekostnad ordinært resultat	5 966 843

Avstemming skattekostnad og skatt utrekna med nominell skattesats:

Årets totale skattekostnad	5 966 843
Skatt utrekna med nominell skattesats (28%) av resultat før skatt	5 268 629
Avvik	698 215

Avviket er forklart med:

Skatt på permanente forskjellar	2 424
Skatt på formue	-639 554
For lite avsett tidl. år	-61 084
Effekt av endra skattesats på utsatt skattefordel	0
Sum forklaring	-698 215

Betalbar skatt i årets skattekostnad kjem fram slik:

Ordinært resultat før skattekostnad	19 513 439
Permanente forskjellar	-8 977
Framførbart skattemessig underskot	-18 063 303
Endring midlertidige forskjellar	2 919 144
Grunnlag betalbar skatt	4 360 303
Skatt, 27%	1 177 282
Skatt på formue	639 554
Sum betalbar skatt	1 816 836

Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt

	2014	2013
Forskjellar som blir utlikna:		
Anleggsmiddel	-22 071 079	-21 297 915
Omløpsmiddel	-22 525 000	-22 303 000
Pensjonsforpliktingar	-284 641	-941 074
Andre avsetningar	-6 601 826	-6 628 580
Gevinst- og tapskonto	10 428 664	13 035 830
Framførbart underskot	0	-18 063 303
Sum	-41 053 882	-56 198 042
Utsett skattefordel	-11 084 548	-15 173 471

11 Eigenkapital

	Ansvarsinnskott	Felleseigd ansv.kap.fond	Utbyttefond	Annan EK	Sum
Eigenkapital 1. januar	14 660 086	39 338 956	28 163 832	155 946 193	238 109 068
Årets endring i eigenkapital					
Endring ansvarsinnskott	303 484				303 484
Frå årets resultat		0	0	13 473 320	13 473 320
Eigenkapital 31. desember	14 963 570	39 338 956	28 163 832	169 419 513	251 885 871

Coop Vest SA

Kontantstrømoppstilling

Coop Vest SA har i 2014 hatt nærare 219 mill. kroner i lønnskostnader, av dette er 24 mill. kroner betalt til kommune i form av arbeidsgjevaravgift

12 Eigarstruktur

Coop Vest SA er ei medlemseigd verksemd med 49.889 medlemmer pr. 31.12.14.

13 Bundne middel

I posten inngår bundne bankinnskott med kr 11.072.832,-

14 Andre driftskostnader

	2014	2013
Kostnader knyttet til drift		
butikklokale/eigedom	56 392 210	55 305 157
Leige av utstyr	6 641 815	6 144 524
Anskaffelse og reparasjonar	12 264 446	12 791 099
Eksterne tenester	2 684 033	3 495 988
Bilkostnader	1 203 429	1 202 894
Reisekostnader	1 586 912	1 469 348
Annonser, reklame, sponsorstøtte	24 647 414	23 433 431
Kontorrekvisita, telefon, porto osv.	7 300 784	6 965 030
Andre kostnader	3 502 888	2 227 523
Sum	116 223 931	113 034 994

15 Anna kortsiktig gjeld

	2014	2013
Trukke fagkontigent	156 432	162 604
Skuldige feriepengar	20 554 162	20 466 624
Skuldig løn	2 996 700	1 925 900
Anna kortsiktig gjeld	5 498 294	5 547 881
Sum	29 205 588	28 103 009

16 Anna langsiktig gjeld

Pantegjeld med forfall meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt utgjør kr 6.390.000.

17 Transaksjonar med nærstående partar

Coop Vest SA har husleigeavtalar med Coop Vest Eigedom AS som er 50/50 eigd av Coop Vest SA og Coop Norge Eiendom AS. Det er i 2014 betalt kr 10.985.291 i husleige til Coop Vest Eiendom AS og dotterselskap.

18 Finansiell Risiko

Marknadsrisiko

Marknadsrisikoen er vurdert å vere låg. Laget har ingen eksponering i utanlandsk valuta, og endringar i rentenivået vil ha avgrensa påverknad på laget.

Kredittrisiko

Risikoen for at ein motpart ikkje skal ha økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar overfor laget vert sett på som låg. Historisk sett har det vore lite tap på fordringar.

Likviditetsrisiko

Likviditeten i laget er god, og det er ingen forhold som skulle tilseie endringar i likviditetsrisikoen. Største likviditetsrisikoen relaterer seg til uttak av medlemsinnskott. For Coop Vest SA sin del så meiner ein at gjennom eit konkurransedyktig rentenivå så er denne risikoen avgrensa.

Kontantstrømoppstilling

	2014	2013
+/- Resultat før skattekostnad	19 513	8 495
- Periodens betalte skatt	-477	-366
+/- Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	-562	-7 312
+ Ordinære avskrivningar	32 477	33 065
+/- Endring varelager	-7 746	-4 079
+/- Endring kundefordringar	1 122	3 153
+/- Endring leverandørgjeld	-16 994	5 083
+/- Forskjell kostnadsført pensjon mv	-656	-263
+/- Postar klassifisert som invest.-/finans. aktivitetar	12 145	11 726
+/- Endring i andre tidsavgrensingspostar	459	-616
= Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	39 330	48 884

Kontantstrømmar frå investeringsaktivitetar

+ Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar	562	8 686
- Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	-14 706	-32 157
+ Innbetaling ved sal av aksjar og andelar	0	0
- Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar	0	0
+ Innbetalingar ved oppgjør av finansielle fordringar	0	0
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-14 144	-23 470

Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar

+ Innbetaling medlemsinnskott	3 888	38 474
- Utbetaling ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	0	0
+ Innbetalingar av ansvarsinnskott	303	324
- Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-2 140	-2 155
+ Renter ansvarsinnskott	-73	-72
- Utbetaling av kjøpeutbytte	-13 898	-13 711
= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-11 919	22 860
= Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	13 267	48 274
+ Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar 01.01	135 163	86 889
= Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar 31.12	148 430	135 163



KPMG AS
Postboks 4 Kristianborg
Kanalveien 11
N-5822 Bergen

Telephone +47 04063
Fax +47 55 32 71 20
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til årsmøtet i Coop Vest SA

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Coop Vest SA som viser eit overskot på kr 13 546 596. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvise bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Coop Vest SA per 31. desember 2014 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Offices in:

Oslo	Haugesund	Stavanger
Alta	Knarvik	Stord
Årendal	Kristiansand	Strømme
Bergen	Larvik	Tromsø
Bode	Mo i Rana	Trondheim
Elverum	Molde	Tynset
Finnås	Narvik	Tønsberg
Grimstad	Sandefjord	Ålesund
Hamar	Sandnessjøen	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening.



Melding frå revisor 2014
Coop Vest SA

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 27. februar 2015

KPMG AS

Knut Olav Karlsen

Statsautorisert revisor

Kontrollkomiteen

MELDING FRÅ KONTROLLKOMITE.

Kontrollkomiteen har gått gjennom styreprotokollane. Det er ikkje merknad til styret sine vedtak og disposisjonar.

Kontrollkomiteen har og gjennomgått styret sitt forslag til årsmelding, resultatrekneskap, balanse og kontantstraumanalyse for år 2014 for Coop Vest SA. Kontrollkomiteen viser til melding frå KPMG v/statsautorisert revisor Knut Olav Karlsen.

Kontrollkomiteen gjer framlegg overfor Årsmøtet at årsoppgjere for 2014 godkjennast slik det ligg føre.

Førde, 27. februar 2015

Harald Haugen, leiar

Nina Skjærli

Representantar i årsmøtet

Region Nordfjord

Kjell Roset
Björg Jorunn V Steen
Helge Råd
Lars Andr Tomasgard, 1. vara
Leif Årskog, 2. vara

Region Sogn

Torstein Kvam
Jermund Fimreite
Eidar Sønnesyn
Else Luggenes
Harald Thune
Synnøve Balevik, 1. vara
Herfinn Takle, 2. vara

Region Sunnfjord

Britt Tjønneland
Harald Kvame
Ann Lisbeth Lesto
Helge Robert Midtbø
Trine Merete Vokuhl
Mindor Årset
Johan Kåre Kjerstad, 1. vara
Audhild Teigen, 2. vara

Region Sunnmøre

Martin Klokk
Inge Hellebust
Ingar Warholm
Kurt Are Skarbø
Ingrid Opedal
Magne Hjelle
Vidar Vaage, 1. vara

Foto: Ingvor Torsvik Myrvollen



Årsmøtet er Coop Vest SA sitt øvste organ med 30 representantar. Av desse representerer 20 personar dei medlemsvalte, medan 10 er valt av dei tilsette. Ordførar er Harald Kvame, Sunnfjord (t.v), og vara-ordførar er Jermund Fimreite, Sogn.

Frå dei tilsette:

Region Nordfjord
Reidunn Ask Flølo
Astrid Oline Mikalsen
Karoline L Kjerpeseth, 1. vara
Jon Myklebust, 2. vara
Aslaug Huus, 3. vara

Region Sogn

Jan Flatland
Olaug Lindborg Hov
Marino Ask, 1. vara
Björg Ølmheim 2. vara
Stine Sørnum Haugen, 3. vara

Region Sunnfjord

Marit Botnen
Helge Einebærholm
Åse Bøyum
Margrete H Alværen, 1. vara
Sonja Brendø, 2. vara
Jarand Olsen, 3. vara

Region Sunnmøre

Gerd Eidheim
Anna Kjersti Skare
Rita Merete Kjøde
Tore Vik, 1. vara
Evelyn Kleppe, 2. vara

Styret

Wilhelm Gjertsen, Styreleiar
Trudi Vågane, Nestleiar
Kari Riise
Hege Inderberg
Geir Årvik
Svein Arne Høyheim 1. vara
Olav Tenden, 2. vara
Målfrid Aspesete, 3. vara

Frå dei tilsette

Martin Hamre
Anders Kleiveland
Dagmar Nese,
Frode Taklo, 1. vara
Björg Aase, 2. vara
Ørjan Alme 3. vara
Sven Borlaug, 4. vara
Eva Måløy, 5. vara

Kontrollkomite

Harald Haugen, leiar
Ståle Pettersen
Nina Skjærli
Gunn Merete Paulsen, 1. vara
Mona Drage Skår, 2. vara

Valnemnda

Magni Hjertnes Flyum, leiar
Johanne G Pettersen
Arnstein Hauge
Karen Hornnes
Kjell Einar Skrede, 1. vara
Jardar Bøthun, 2. vara

Styret i Coop Vest SA



Wilhelm Gjertsen
Styreleiar



Trudi Vågane
Nestleiar



Kari Riise
Styremedlem



Hege Inderberg
Styremedlem



Geir Årvik
Styremedlem



Anders Kleiveland
Styremedlem
valt av tilsette



Martin Hamre
Styremedlem
valt av tilsette



Dagmar Nese
Styremedlem
valt av tilsette

Leiargruppa i Coop Vest SA



Geir Espe
Adm. dir.



Anne Grepstad
Organisasjonssjef



Arild Meisterplass
Strategi- og utviklingssjef



Olaf Betten
Økonomi- og administrasjonssjef



Øyvind Indrebø
Personalsjef



Rune Økland
Salssjef

Trainee-ear i Coop Vest SA

Coop Vest SA har starta opp første kull i eit Trainee-program som skal bidra til utvikling av framtidige dyktige leiarar i laget.



Beate Standal
Coop Marked Svelgen



Malin Ivarsson
Coop Mega Førde



Veton Gashi
Coop Extra Sogndal



Rakel Sunde
Coop Extra Førde



Kristina Sarane
Coop Extra Florø

Coop Vest SA si sponsorverksemd

For Coop Vest SA skal sponning vere ei forretningsmessig investering der vi også synleggjer vårt samfunnsansvar. Kultur, lag og organisasjonar er viktige bærebjelkar for dei fleste lokalsamfunn, og det er viktig å bidra til å stimulere desse.

Samtidig er vi svært opptekne av at vi saman med våre samarbeidspartnarar inngår eit forpliktande samarbeid som medfører forpliktelsar og utvikling hjå begge parter. Vi skal ivareta laget si geografiske spreiding samt inngå avtalar innanfor både kultur og sport. I 2014 har vi sponsa lag og organisasjonar for over 2,5 mill. Nokre av samarbeidspartnarane i 2014 har vore: Sogndal Fotball, Kaupanger IL Fotball, Førde IL Fotball, Førde IL Handball, Ørsta Fotball, Nordfjorddrettet, Sogn og Fjordane Skikrins, Hovdebygda IL, Førde Opp, Askvoll og Holmedal IL, Hødd Fotball, Malakoff, Norsk Countrytreff, Jotun IL Handball og Hareid IL Fotball. Coop Norge er hovudsponsor for Rosa sløyfe, og i 2014 bidrog vi med over 2 millionar kroner til kampen mot brystkreft. Gjennom «Omtankeknappen» vart det samla inn meir enn 3 millionar kroner til utviklingsarbeid i samarbeid med Norsk Folkehjelp.



Norsk Countrytreff

Vi siterer utdrag frå pressemelding frå NCT: «Coop Vest er, og har vore, ein viktig samarbeidspartnar og sponsor for Norsk Countrytreff. Gjennom samarbeidet sikrar vi oss god kvalitet og økonomi på leveransane, samtidig som vår lokalbutikk er kontaktpunktet mellom oss. Nettopp dette er ligg i verdiane til Norsk Countrytreff. Vi skal vere med å bidra til at bygda og kommunen vår vert eit levande og sterkt lokalsamfunn. Norsk Countrytreff er eigd av lag og organisasjonar og vi kjøper i all hovudsak alt av varer og tenester frå lokalt organisasjons- og næringsliv.



Foto: Stig Roger Eide

Førde I.L. Fotball A-lag vart nr. 5 med 39 poeng i Oddsen Ligaen 2014



Coop Extra med fotballskule

På Hareid har det vore arrangert fotballskule som har fått namnet Coop Extra fotballskule. Det skjedde i haustferien, og samla born som gjerne ville lære meir om fotball. Coop Vest sin butikksjef på Hareid, Grete Elvanes, var tidleg ute med å sikre seg at Coop Extra blei namnet på fotballskulen. Ho sytte og for at Coop Extra leverte mat og drikke til alle måltida som blei servert, samt leveransen til kiosken på stadion. God Coop Extra-profilering, hoppe-slott med meir skapte ei fin ramme rundt eit populært arrangement.

Coop skal utdanne framtidens leiarar sjølv

Ei utfordring for ei kvar bedrift er å sikre gode leiarar. Så kvifor ikkje ta ansvar for å skape dei sjølv? Det har Coop Vest SA gjort.

– Skal ein henge med i konkurransen i dagens handelsbransje har ein ikkje noko val: Ein må ha gode leiarar, på alle nivå. Difor investerer Coop Vest SA mykje i human kapital, i form av å legge til rette for at folk skal få lov til å utvikle seg. Det krev systematisk arbeid over tid, seier Øyvind Indrebø, personalsjef i Coop Vest SA.

– Skal vi utvikle oss som selskap er det viktig å legge til rette for at dyktige og ambisiøse tilsette får utvikle seg – og blir leiarar. Vi lyt rekruttere utanfrå også, men vi likar best å utvikle våre eigne folk. Og skal våre dyktige folk få ut potensialet sitt er god leiing eit nøkkelord. Coop Vest SA sine leiarar, på ulike nivå, må sjå til at medarbeidarane får ut potensiale sitt. Vi har stort fokus internt på god leiing, og er framoverlente på å gje folk moglegheiter. Ser vi eit potensiale, så ønskjer vi at det skal få lov å blomstre.

Trainee

Coop Vest SA har både folk med leiarpotensial, og eit ønske om å utvikle dei. Men korleis?

– Vi har laga ei traineeordning for butikksjefar. Vi plukka ut fem traineear, med potensiale til å bli gode butikksjefar, til eit utdanningsløp på 1,5 år. Vi meiner at kompetanse er ein kritisk faktor for å skape dyktige leiarar. Pionerkullet byrja i januar, og skal fram til sommaren 2016 gjennom samlingar med leiing i fokus. Dei skal delta på butikksjefmøte / samlingar og løyse oppgåver mellom samlingane, seier han og held fram:

– Dei skal utøve butikksjefrolla via hospitering i butikkar, og får eigen mentor. Etterkvart vil dei vikariere i rolla også. Skal ein bli ein dyktig leiar må ein ut av komfortsona. Det er då ein lærer, seier Indrebø, som ikkje er i tvil om at høvet til utdanning og utvikling er eit konkurransefortrinn.

– Konkurransen innan daglegvarehandel er knalltøff. Den avgjerande faktoren for å lukkast er humankapitalen: Folk i bedrifta. Og får dei gode arbeidsvilkår, høve til utvikling og dei trivast i jobben, ja

så gjev det suksess. Det viktigaste i vår bransje er nøgde kundar. Og trivast ikkje dei som jobbar her, så gjer heller ikkje kundane det. Nøkkelen til lukkelege tilsette ligg i god leiing: bevisste, dyktige leiarar som ser sine medarbeidarar, og gjev dei rom til å vekse.

Yrkes- og studiekompetanse på fire år

Ein ting er å utvikle dei tilsette ein har, men ein må også fylle på med nye tilsette.

– Det er hardt å rekruttere nok ungdom via lærlingordninga for sal- og servicefaget i vidaregåande skule. Vi har tenkt mykje på korleis vi skal løyse det. Ei utfordring er at mange har haldninga at når ein har ein butikkjobb så sit ein i kassa eller fyller på varer. Men butikkarbeid omfattar alt frå leiing og økonomi, til marknadsføring og strategiarbeid. Å få ut den budskapet til dei som vil og kan gjere ein god jobb er viktig, seier Indrebø.

Øyrane Vidaregåande skule tilbyr for første gang i skuleåret 2015/16 ei ny ordning: Yrkes- og studiekompetanse på 4 år på linjene sal og kontor og administrasjon.

– Dette er eit samarbeid mellom Øyrane og bedrifter, der Coop Vest SA er ei av dei, som vi er kjempeglade for. Vi er opptekne av å gå nye vegar, og sjå på nye tiltak i høve rekruttering av unge menneske. Dette er midt i blinken. På YKS-linja går ein inn i eit fireårig løp. Første året er det skule fire dagar i veka, og ein dag i bedrifta. Året etter er fordelinga tre-to, så to-tre og siste året er dei ein dag i veka på skulen og fire i bedrifta. Opptaket blir avgjort av skule og bedrift i samarbeid, etter fastsette krav. Og når ein er ferdig med løpet har ein både generell studiekompetanse og fagbrev. Alle vegar er opne vidare og ein får løn under utdanninga.

– Skal vi utvikle oss som selskap, er det viktig å legge til rette for at dyktige og ambisiøse tilsette får utvikle seg, seier personalsjef i Coop Vest SA, Øyvind Indrebø.



Foto: Thor-Aage Lillestøl/Rein Design

Coop Vest SA viser samfunnsansvar

Ingen butikk kan fungere utan lokalsamfunnet sitt. Og få lokalsamfunn kan fungere godt utan ein butikk. Dette samspelet er viktig for Coop Vest SA.

Arild Meisterplass er dagleg leiar i Coop Vest eigedom, samt strategi- og utviklingssjef i Coop Vest SA. Han står i spissen for å finne løysingar på utfordringar knytt til blant anna gamle bygg, butikkar med lite omland og låg omsetnad.

– I Skjolden har Coop Vest SA ein butikk i eit bygg som er for lite og i dårleg forfatning. Det trengs fornying, men omsetnaden er relativt låg og driftsresultatet gjev ikkje rom for store investeringar. Samtidig er det ei positiv utvikling i Skjolden, og det er den siste daglegvarebutikken i bygda. Å legge den ned er den siste moglege løysinga for vår del. Vi veit kor viktig butikken er som møteplass og «lim» i slike bygder.

Fempartsamarbeid

Coop Vest SA føler eit sterkt samfunnsansvar, så dei byrja å sjå etter ei god løysing for at Skjolden skulle få ein ny og fin butikk.

– Vi gjekk i dialog med bygdelaget i Skjolden, som er engasjerte og står på for å behalde butikken. Dei skipa Skjolden Eigedom AS, der 95 prosent av innbyggjarane i bygda har aksjar. Løysinga på fornyinga av butikken i Skjolden vart eit fempartsamarbeid: Skjolden Eigedom AS, Coop Vest AS, Coop Vest Eigedom AS, Merkur og Luster kommune. Skjolden Eigedom tek over eigedommen til tomtepris. Luster kommune bidreg med regulering og økonomiske bidrag. Merkur er inne med økonomisk støtte og rådgjeving. Coop Vest Eigedom finansierer rivinga gjennom eigedomsoverdraginga og Coop Vest SA blir leigetakar og står for drifta. Denne samhandlinga gjer det «umogleg» mogleg: Skjolden får ein ny,

moderne daglegvarebutikk på 300 rute-meter. Og alle partar vinn: Vi får drive butikk for engasjerte, lojale kundar. Og bygdefolket veit at jo meir dei handlar, jo betre er det for deira eigedomsselskap, som har fått overført verdiane på gunstig vis, seier Meisterplass.

I løpet av 1,5 år skal det gamle butikkbygget rivast og den nye butikken byggast.

– Skjolden Eigedom AS overtek formelt bygget i vår, og planen er å rive det gamle bygget i september etter turistsesongen. Vi ser på om det er råd å ha ein mellombels butikk i byggeperioden. Målet er ny butikk klar til sommaren 2016.

Engasjerte kundar sikrar drift

– Samarbeidet er eit godt døme på samfunnsansvar på moderne vis: mange partar som samhandlar, finn løysingar og realiserer eit mål saman. Generelt er det vanskeleg for Coop Vest SA å berre seie at vi skal oppretthalde butikkar dersom dei går med underskot. Vi forvaltar verdiar på vegne av medlemene våre. Det må vi gjere på eit godt vis, ved å ha lønsam drift. Då må ein tenkte kreativt i fellesskap med andre. Summen av gode krefter gjer at ein får dette til. Og ikkje minst engasjerte kundar. Jo meir engasjert og trufast eit lokalsamfunn er mot butikken sin, jo lettare er det for dei som driv butikken å satse vidare. Erfaringa frå samarbeidet i Skjolden er at denne modellen kan vere aktuell i andre bygder, der liten marknad og tynt driftsgrunnlag gjer det vanskeleg å fornye butikken.

Samfunnsansvar

Butikken i Skjolden er ein måte å ta eit moderne samfunnsansvar.

– Eg kan også ta eit heilt anna døme, der Coop Vest SA tok samfunnsansvar med å legge ned butikken, smiler Meisterplass. – På Raudeberg var det til nyleg to daglegvarebutikkar. Men det var ikkje grunnlag for det. Ein hadde to butikkar med eit halvgodt grunnlag for drift, som konkurrerte om kundane. Og vår butikk var den som hadde minst omsetnad. Vi måtte ta eit val, men vi hadde ikkje lyst å

la lokala stå tomme. Vi diskuterte med bygdefolket, og spurte om vi kunne få til fornuftig bruk av lokala til lokalsamfunnets beste. Dei sa: Samfunnshuset er gammalt, umoderne og lite nytta. Vi sat på eit lokale der ein kunne lage nytt kulturhus med innhald som samlingsrom mot sjø, kafé/salong, kjøkken, møterom og så vidare. Vi bestemte oss for eit samarbeid i form av Coop Arena: Nord-Vågsøy Kulturhus SA tok formelt over lokala i slutten av februar, for å skape ein ny og betre møteplass på Raudeberg. Lokalsamfunnet sit igjen med berre ein butikk, men den har betre grunnlag for drifta, og nytt og betre kulturhus. Sjølv om vi «mistar» butikken der, kjem lokalsamfunnet styrka ut. Det er vi nøgde med, seier han.

Frå jordbærplukkar til butikksjef

Silvija Apeinne kjem frå Latvia. Ho byrja å jobbe som jordbærplukkar om somrane, og som resepsjonist på Vassbakken. Då ho fekk tilbod om stillinga som butikksjef for Coop Skjolden for fire år sidan tok ho med glede i mot den.

– Jobben er veldig spennande, krevjande og med mykje ansvar. Det er ikkje ein typisk ni-til-fem-jobb, for eg må alltid tenkja på kva me treng, og kva som kan gjerast betre, fortalte Silvija nyleg til Sogn Avis.

Og butikksjefen gler seg til å få nye lokale.

– Det er koseleg i dette vesle butikklokalet frå 50-talet, men det blir godt med meir plass. Vi har ikkje meir enn 90 kvadratmeter å rutte med her. I den nye butikken blir det vel 300, så det blir bra. Vi har varer frå golv til tak, og prøver å gjere det beste ut av det. Vi har trufaste kundar vi vil tilby dei varene dei vil ha, så vi tek inn så mykje varer som vi har plass til og litt til.

– Jo meir engasjert og trufast eit lokalsamfunn er mot butikken sin, jo lettare er det for dei som driv butikken å satse vidare. seier strategi- og utviklingssjef i Coop Vest SA, Arild Meisterplass.



Foto: Thor-Aage Lillestøl/Rein Design

Dobla omsetnad i Sogndal

I november 2012 sto nye Coop Extra klar på Sjøkanten i Sogndal, og tok over stafett-pinnen for Coop Mega på Sogningen Storsenter. Det gav sterk vekst.

– Vi vaks ut av lokala i Sogningen, samtidig med at vi ønskte ei omprofilering frå Mega til Extra. Målet var ein stor Extra-butikk, med ambisjonar om å bli størst på daglegvarehandel i regionen. Vi byrja å sjå etter ein ny lokalitet, og vart første aktør som skreiv kontrakt på Sjøkanten: Ei sentral tomt med gode tilkomst- og parkeringstilhøve. Det er viktig i eit lågpris-konsept, seier Rune Økland, salssjef i Coop Vest SA.

– Coop Vest ønskjer å ha ein stor regionbutikk i kvar region, seier Økland.

Dobla omsetnaden

Flyttinga har gitt Coop Vest enorm omsetnadsvekst i Sogndal.

– Mega hadde omsetnad på like over 40 millionar kroner i året. Budsjettet for inneverande år på Extra-butikken er på over 80 millionar. Det skal vi klare fint, fortel Sven Borlaug, butikksjef på Coop Extra Sogndal.

– De ligg vel an til å knuse det budsjettet, skyt Økland inn.

Omsetnad på over 80 millionar kroner netto gjer at Coop Extra Sogndal er i ferd med å ta posisjonen som den dominerande matbutikken i Sogn.

– Vi er Coop Vest SA sin tredje største daglegvarebutikk i fylket, bak Extra og Mega i Førde. Planen er at vi i løpet av ein femårsperiode passerer 100 millionar kroner i netto omsetnad, seier Borlaug.

Omprofileringa har også hatt ein annan effekt.

– Vi har langt fleire kundar enn på Coop Mega, og spesielt stor vekst i kundegruppa 25-50 år, med mange småbarnsfamiliar. Det skaper god vekst. Særskilte gode



Foto: Thor-Aage Lillestøl / Rein Design

parkeringshøve gjev også enormt mykje storhandel, og vi har mange kundar som handlar veldig mykje.

Folk skaper suksess

Ein ny, stor og moderne butikk er eit suksesskriterium. Men ikkje det einaste.

– Den nye, flotte butikken er verktøyet vi skal nytte til å utvikle oss og skape vekst. Då er det viktig å halde butikken vår i god stand: ha gode rutinar på plass, ein velfyllt butikk med dei rette varene, og det servicenivået kundane forventar. Ein viktig årsak til suksess er dei dyktige medarbeidarane: Våre 20 tilsette, som gjer ein flott jobb kvar dag, fortel Borlaug.

– Med nye lokale på Sjøkanten i Sogndal, og omprofilering frå Mega til Extra, er målet å doble omsetnaden frå 40 til 80 millionar, seier salssjef i Coop Vest SA, Rune Økland.

– Det har vore ei kjekk reise å vere med på. – Dei gjer ein kjempejobb kvar dag, samtidig som vi har ein flott, framtidretta butikk, med Norges beste og raskast veksende butikk-konsept: Stort utval, godt varetrykk og låge prisar.

– Men eit konsept i seg sjølv gjer ingenting. Det er menneske som gjennomfører planar og konsept, og gjer at ein lykkast, smiler Økland.

Butikk i butikken i Ørsta

– Kundane set stor pris på tilbodet om fersk fisk frå Måløy, og vi har fått ein stor base med faste kundar, seier Jacob Edward (t.h.) som er butikksjef i Coop Extra Ørsta. Her saman med Sven Borlaug, butikksjef Coop Extra Sogndal.



Foto: Thor-Aage Lillestøl / Rein Design

Coop Mega i Ørsta var ein stor «fiskebutikk». Då ein omprofilerte til Coop Extra forsvann ferskvaredisken. Men nytenking og butikk i butikken ilag med Snorre Seafood gav på ny fiskelykke i Ørsta.

– Coop hadde mange kundar som handla fersk fisk på butikken i Ørsta tidlegare. Det var ei stor varegruppe som ein ikkje ønskte å miste grepet om. Men det er krevjande å selje fersk fisk i eit lågpris-konsept. Vi måtte finne ei god løysing, seier Rune Økland, salssjef i Coop Vest SA. – For ferskvarer er høg kundestraum viktig. Det får vi når butikken ligg i eit Amfi-senter. Vi kontakta vår tidlegare leverandør Snorre Seafood på Raudeberg og sette oss ned for å lage eit konsept i lag med dei. Vi kan lågpris og Snorre Seafood kan fisk. Vi kombinerer det beste av to verder og gjorde Coop Extra Ørsta til ein

pilotbutikk med fiskebutikk i butikken. Vareflyten går gjennom våre kassar, men dei styrer seg sjølv elles. Det er ein læreprosess og så langt er erfaringane veldig positive, seier Økland.

Fersk på fersk- og daglegvare

Jacob Edward byrja som butikksjef i Coop Extra Ørsta i haust, nokre veker etter etableringa av fiskebutikk. Han gikk frå å drive bensinstasjon i Ulsteinvik til å drive daglegvarebutikk.

– Eg er glad i ei utfordring, og i varierte arbeidsdagar. Og det får ein jammen meg i ein Coop Extra-butikk, smiler Jacob.

– Ingen dagar er lik den førre her. Eg likar også høgt tempo i arbeidsdagen, som ein får med lågpris i daglegvarebransjen. Det er mange varer, høg vareflyt, og alltid noko å ta tak i. Eg trivast betre og betre i jobben for kvar dag, smiler han.

Godt samarbeid

– Korleis har det vore å leie ein butikk med ein butikk i?

– Det var like nytt for alle her som for meg. Når omsetninga går rett veg, og ein

har 14 dyktige medarbeidarar rundt seg, har dette vore eit særskilt kjekt halvår for alle. Og ikkje minst ei særskilt positiv oppleving å samarbeide med Snorre Seafood. Vi har ikkje hatt utfordringar i det heile, det har gått knirkefritt. Dei tek seg av sitt og vi av vårt, seier han.

– Og kundane set stor pris på tilbodet om fersk fisk frå Måløy. Det har bygd seg opp ein stor base med faste kundar. Snorre-folka er kreative og flinke til å løyse utfordringar. Fiskedisken er bemanna frå 09-18, men dei er flinke til å vakuumpakke varer, slik at varene er tilgjengeleg etter 18.00 også, fortel Jakob.

Ein trend i tida er at mange ønskjer å kjøpe ferdig lunsj/middag. Det får ein på Coop Extra Ørsta.

– I forlenginga av fiskedisken, som er 3,75 meter lang, har Snorre Seafood eit varmeskap med eit utval varmerettar. Blant anna fish and chips, som fast bestillingsvare, laga av fersk fisk på staden, samt eit utval av ferdige fiskerettar kvar dag. Dei er flinke til å variere og vere kreative, så det har vore ein kjempesuksess så langt, fortel Jacob.

Lokalmat i vekst

Coop Vest har dei siste åra teke ein stadig sterkare posisjon på feltet lokalmat. Visjonen er å vere best på feltet.

– Vi ønskjer å ta posisjon som den beste daglegvarekjeda på lokalt produsert mat. Det er ei varegruppe vi har trua på, og som blir stadig viktigare i handelen, også lokalt. Det krev at nokon tek ansvar for å selje varene. Skal lokalmat vere konkurransedyktig må det vere tilgjengeleg. I det ligg eit samfunnsansvar for Coop Vest SA: Vi er ein stor aktør, og må bidra til at dyktige produsentar får selje varene sine, seier Geir Espe, administrerende direktør i Coop Vest SA, som er glad over å kunne tilby slike varer. Produsentane må få høve til å fronte produkta sine i butikken, samtidig som vi må ha god logistikk. Varene må komme fram til forbrukar enkelt, billig og raskt.

– Lokale matprodukt av høg kvalitet skaper stoltheit i butikkane. Gruppa kundar som er villige til å betale ekstra for produkt som er verdt det veks også, og dei synest lokal identitet på mat er spennande. Vi har eit godt samarbeid med produsentane: Vi konsentrerer oss om det vi er gode på – å selje mat. Og produsentane på si styrke: Å lage gode varer og skape eit breiare produkt-spekter. Det området må styrkast. Vareutval er særskilt viktig.

Eigne lokalmatavdelingar

Heller enn å plassere den lokalproduserte maten i hyllene side om side med «industrivarer», vel Coop Vest å dedisere eigne område i butikken til dei. I mars 2014 vart butikksjefane i Coop Vest kursa: Så rulla dei ut storsatsinga av lokalmat i eigne avdelingar, først i Mega-, så i Extra-butikkane.

– Vi tok grepet med å samle slike varer i eigne diskar, både for å bygge opp desse produkta og for å yte dei den respekten varene fortener. Pølsa som er laga med hjarte og sjel i Kandalen får eit anna prisnivå enn «industripølse». Då er det «urettferdig» for begge om dei skal ligge side om side. Ein Coop-butikk har mange tusen varer. Det er viktig at lokalmat er synleg, så vil vise varene godt fram for kundane, seier Espe og held fram.

– Mange av desse produkta er ukjente for folk flest. Derfor er det også viktig at produsentane kjem ut i butikkane og har demonstrasjonar, der folk kan bli kjent med produkta, seier Espe og fortel at dei legg ned mykje arbeid i å gjere produkta synleg.

– Vi har jobba mykje med å lage eige salsmateriell på lokalmat: Frå søyler og bannerar til butikkane, til andre ting. Og vi har laga gåveposar for bedrifter som ønskjer å nytte lokalmat som gåver. Det er eit aspekt vi ønskjer å jobbe vidare med, både til lokal-, bedrifts- og turistmarknaden. For eksempel gåvepakkar med til dømes Undredalsost, geitepølse frå Kandalen osv, som ein sel til turistar. Det krev proffemballasje og produktutvikling, som vi ønskjer å samarbeide med dei ulike produsentane om. Alt dette er med på å bygge opp lokalmat.

Nye metodar og teknologi

Espe er open for at Coop Vest SA må sjå på alle moglege salskanalar for lokalmat.

– Kanskje må vi tenke nytt? Ein tanke vi er inne på når det gjeld lokalmat, er sal via nett. Vi merkar etterspurnad frå turistar som handlar på Bakar Jon om sommaren, som ønskjer å kjøpe varene elles i året. Det har vi lyst å få til, seier Espe og held fram.

– Bakar Jon og Coop Extra Førde



er gode på lokalmat. Målet er at dei andre butikkane skal bli like synlege på dette, tilpassa volum og butikkstorleik. Bakar Jon har blitt det vi håpa på: eit godt utstillingsvindaug for lokale matprodusentar, som vi skal utvikle vidare. Bakar Jon er på veg til å bli eit merkenamn. Det ønskjer vi å ta inn i våre største butikkar, som eigne Bakar Jon-avdelingar. Vi har alt byrja å tilby varer frå Bakar Jon, som kransekakestenger og kjeks. Etterspurnaden etter varene er så stor at dei har problem med å produsere nok. Det skal vi bygge på, seier Espe og røpar at dei tenker samarbeid med lokale aktørar på fleire felt.

– Vi håpar blant anna å få til eit samarbeid med Lærdal Grønt, på poteter og gulrøter. Vi ønskjer å få tilbake potetbingen i butikkane våre, smiler han. – Vi testar og ut mjølvariantar frå Volda Mylne i butikkane våre, for å nemne eit anna døme.

Flyttar fokus

I den norske daglegvarebransjen har det vore sterk fokus på pris. Men

med eit stadig sterkare trykk mot kvalitet og gode råvarer ønskjer Espe å fokusere på desse sidene av mat.

– Ved å bygge opp kvalitetsfokusererte merkevarer, som Bakar Jon, flyttar ein fokus frå pris og over på faktorar som utval, kvalitet og gode råvarer. Det er der fokus er og skal vere på lokal mat. Vi ønskjer å vere leiande på dette, og jobbar vidare med å skaffe fleire produsentar og varer. Vi er opptekne av lokale arbeidsplassar. Vi ønskjer jo at det skal bu folk her, som handlar i våre butikkar, sier han, og set tal på lokalmatmatsalet deira.

– Coop Vest SA selde, det vi definerer som lokal mat, for 60 millionar kroner i 2014. Og omsetnaden av lokale varer aukar og aukar i takt med større tilgjengelegheit og at fleire produsentar melder seg på. Butikkar i storbyar har kanskje ti lokalmatleverandørar. Vi har 100 lokale leverandørar i systemet vårt, og vi vil ha mange fleire. Dei må kvalitetssikrast og godkjennast, men vi er særskilt positive til alle som har gode varer. Det ligg eit kjempepotensiale i lokalt produsert mat, som vi ønskjer å ta vidare. Det er vinn-vinn. Primærnæringane er kjempeviktig, og då må dei også få arenaer der dei kan tilby varene sine. Coop Vest SA bryr seg om samfunnet rundt seg – samtidig som dette gjev goodwill tilbake.

– Kva potensiale ser du for deg for lokalmatmatsatsinga framover?

– Vi skal i all fall klare å doble salet av lokalprodusert mat dei neste fem åra. Då er det også viktig at dei som lagar desse varene jobbar med innovasjon og utvikling, at dei klarar å produsere nok av varene til å møte etterspurnaden, spesielt i høysesongen. Og ikkje minst at Coop Vest og produsentane i fellesskap jobbar vidare med utviklinga av logistikken i bransjen, slik at vi får varene raskt og effektivt frå produsent og ut i butikkane, avsluttar Espe.

– Omsetnaden av lokale varer aukar og aukar i takt med større tilgjengelegheit og at fleire produsentar melder seg på. Butikkar i storbyar har kanskje ti lokalmatleverandørar. Vi har 100 lokale leverandørar i systemet vårt, seier adm. dir. Geir Espe i Coop Vest SA.

Takk for innsatsen i 2014



JANUAR: Brannen i Lærdal

Natt til 19. januar 2014 opplevde vi eit inferno vi aldri vil gløyme. Klokka var 22.56 laurdag 18. januar då Lærdal brannvesen fekk ordre om å rykke ut til det som var ein ordinær brann. Klokka 23.06 var huset overtent. Det vart starten på det som ingen trudde skulle kunne skje.



FEBRUAR: Utbytte

I februar fekk Coops nærare 1,4 millionar medlemmer, som også er medeigarar, utbetalt 692 millioner kroner i kjøpeutbytte og medlemsrabattar for 2013. Dette utgjør i underkant av 500 kroner per Coop-medlem.



– Skal bli best på lokalmat
Coop Vest vil gjere Bakarjon på Byrkjelo til den beste lokalmatbutikken i Noreg

– Nøkkelen er gode på bakeri, andre på lokalmat, men ingen er gode på begge områda. Det skal vi bli, sa adm. dir. Geir Espe til Firda Tidend i januar. Bakar Jon på Byrkjelo er Coop sitt utstillingsvindaue med eit variert og levande utval. Ved inngangen til 2014 hadde Bakar Jon varer frå rundt 40 lokalmatprodusentar, og målet var å få enda fleire.

JANUAR: Størst på kortreist mat

– Nokre er gode på bakeri, andre på lokalmat, men ingen er gode på begge områda. Det skal vi bli, sa adm. dir. Geir Espe til Firda Tidend i januar. Bakar Jon på Byrkjelo er Coop sitt utstillingsvindaue med eit variert og levande utval. Ved inngangen til 2014 hadde Bakar Jon varer frå rundt 40 lokalmatprodusentar, og målet var å få enda fleire.

MARS: Butikksjefmøte i Førde



Samla ferskvarsejfar og produsentar
Tusendvis av produsentar i Coop Vest og produsentarar i Bakarjon samla seg i januar for å diskutere og diskutere. Mange produsentarar og produsentarar diskuterte og diskuterte. Mange produsentarar og produsentarar diskuterte og diskuterte.



Geir Espe, Rune Økland og Åse Myklebust skal bygge opp Bakar Jon til landets beste på kortreist mat.



APRIL: Automatisk varesupplering

I april arrangerte salsavdelinga AVS bestillerkurs for butikkane i Coop vest SA.

APRIL: Frukt- og grønt-samling med fokus på sal

I april og i juni arrangerte Coop Vest ei samling for alle frukt- og grøntansvarlege i sine Coop Extra, Coop Mega og nokre av de største Coop Marked. To hovudsaker sto på dagsordenen: Korleis selje meir, og korleis kan vi lukkast med det? Samlingane fann stad i Coop Mega Eid og Coop Extra Førde.



APRIL: Tid for trekning

Frå påskebørsen i regi av butikkrådet laurdag 13. april 2014. Butikksjef Monika Bratteberg trekker vinnarteikning, og Irma Håvoll Sætre er stødig postkassesholder :-)

MAI: Butikksjefmøte



Extragjengen på butikksjefmøte i Sandefjord, mai 2014. Bak frå venstre: Ann Charlotte Sørheim, Grete Elvanes, Stine Haugen, Sissel Myklebust, Kristina Sarane. Framme frå venstre Sven Borlaug, Ronny Sørbotten og Rune Øksenberg.

Takk for innsatsen i 2014

JUNI: Fagdag i Bulandet

Hillersøy fisk A/S er eit lokalt firma som er samarbeidspartner med Coop Vest SA på fersk frosen fisk foredla i Bulandet vest i Sogn og Fjordane. Dette er eit lokalt fiskeprodukt som har fått særskilt god mottaking av våre kundar i Coop Vest.

Vi har gjennom vårt samarbeid selt store mengder fisk – både torsk, brøms og sei – til våre medlemmer og kundar i heile Coop Vest.

I samband med dette arrangerte Coop Vest og Hillersøy fisk A/S ein salskonkurranse der den butikken men høgst andel selde fisk vann ein fagdag til Bulandet.

Her fekk dei innføring i bruk av fangsreiskap, livet om bord på fiskebåt og kva som kjenneteiknar dei ulike fangstmetodane.

På biletet ser ein tilsette ved Coop Marked Askvoll, Marked Fresvik, Extra Florø og Extra Førde samt representantar frå Coop Vest Drift og Hillersøy fisk om bord på fiskebåten Hillersøy som har heimehamn i Bulandet.



JUNI: Coop Vest grillshow



I sommarsesongen kørte Coop Vest grillshow på mange av dei store butkkane våre med god omsetning og god stemning. Øvst frå Malakoffestivalen i juni 2014, der Coop Mega Eid var ein stor bidragsytar. Til venstre: Jens Friis grillar, og under frå medlemstreffet til Mega Sandane, der det var grilling og gode tilbud.



JUNI: Coop Extra best på fairtrade

Coop Vest sin Coop Extra-butikk på Furene er kåret til beste butikk på fairtrade (rettferdige varer, red.anm.), i Volda.

Det er organisasjonen Volda og Ørsta Fairtrade som står bak kåringen. Butikksjef Sissel Myklebust fekk overrekket diplom av Volda-ordførar

Arild Iversen og Eli Hatlen fra Fairtrade.

Åtte daglegvarebutikker i Volda har hatt besøk av Volda og Ørsta Fairtrade i forbindelse med organisasjonen si kartlegging av korleis det står til med fairtrade-tilbodet. Og i Volda står det altså svært bra til.



Litt av stemninga på kaien med grilling og aktivitetar.



Butikkrådet bak grillen f.v. Heidrun Hauglum, John Bøthun og Edith Bjørkevoll.



4H med tipping og påmelding til natursti. f.v. Andrea Breili, Rita Bøthun, Aleksandra Bøthun og Amalie Bøthun.

JUNI: Grilldag i Fresvik

Fredag den 6. juni arrangerte COOP Fresvik tradisjonell grilldag på kaia. I samarbeid med 4H, som stilte med kaffi, vaflar og mange aktivitetar, vart det eit grand liv i og rundt butikken. Folk i bygda møtte som vanleg mannjamt fram, åt middag og kosa seg med aktivitetar som natursti, svampekastning, tipping og vassbering.

Butikkrådet serverte heimelaga potet-salat og grøn salat og tok seg av grilling av pølser og sommarkoteletter, og butik-

ken heldt oppe til kl 18.00. Bygdelaget hadde laga nye grillar og Fresvik eigedom as, som eig butikklokalet, stilte med nytt partytelt. Veret var fint og folk vart sitjande å prata lenge etter stengetid.

Stemninga og frammøte vitnar om den sentrale rolla butikken har som samlingsstad for folk i alle aldrar i bygda, og kor viktig det er at alle dreg i lag for å halda butikken i gang.



Dei tilsette på butikken og butikkrådet kosar seg etter arrangementet f.v. Monika Labik, Heidrun Hauglum, Edith Bjørkevoll, Karen Szniak og butikksjefen Olaug Lindborg Hov. John Bøthun transporterte stolar.

Takk for innsatsen i 2014



JUNI:
Lustradagane
 I juni gjekk Lustradagane av stabelen og Coop Byggmix og Coop Prix Gaupne hadde medlemsstand med sal av grillmat utanfor butikken.



JUNI:
Moderne lager
 I juni opna Coop det mest moderne og effektive lageret i Europa, lokalisert på Bergmoen.

JUNI: Coop Extra Roadshow

Tirsdag 17. juni starta vi vårt roadshow der vi køyrde rundt i heile Norge for å tilby sommarens grilloppleving! Det vart arrangert smaksprøver, aktiviteter, konkurransar ved butikk og ein heldig vinnar fekk sin eigen grillfest for inntil 12 personer.

Coop Extra roadshow 2014 si ferd gjennom Norge baud på mange hyggelege, rørende og morsomme opplevingar saman med vinnarane av kundefestane.

Vi har bidratt til sommarglede hos unge og eldre. Vi har besøkt gamleheimar, aktivitetshus for psykisk utviklingshemmede og familiegjenforeiningar. I vårt distrikt var det arrangement i Florø, Førde, Ørsta, Hareid, Volda og Øvre Årdal.

Coop Extra roadshow 2014 sin ferd igjennom Norge har bydd på mange hyggelig, rørende og morsomme opplevlinger sammen med vinnerne av kundefestene.

Alle bildene kan lastes ned fra:
<https://coop.no/butikkene/coop-extra/roadshow/bilder-og-film/>

Smil smitter!

ROADSHOW 2014
 I HELE NORGE!
 Sommerens største roadshow
 160 destinasjoner



JULI: Trappeløpet i Høyanger

Butikkane våre stiller som sponsor og aktiv bidragsytar til Trappeløpet i Høyanger som blei avvikla sommaren 2014. Her er Magnar Jacobsen og Geir Ole Haugen, som representerer Coop Mega Høyanger.



JULI: Norway Cup

Coop er generalsponsor til Norway Cup, verdens størst fotballturnering, og har det desidert største aktivitetsområdet, Camp Coop, på Ekeberg.



JULI: 1000-årsjubileum

Coop Marked Sandsøy var ein aktiv bidragsytar i samband Sande Kommune sitt 1000-årsjubileum. Kong Arthur-spelet blei vist i august 2014 på Kongsvollen på Sandsøya.

Framme frå venstre: Oddvin Rusten og Maritess Camello. Bak frå venstre: Kari Sandsbakk, Anna Kirsti Skare og Laila V. Bringsvor.



JULI: Lokalmat-satsing

Coop satsar sterkt på lokalmat. Her frå lokalmatbua i Sogndal.

JULI: Is-kjøp resulterte i sportsbil

Bjarne og Inger Rivedal fra Askvoll tenkte neppe på sportsbil då dei stakk innom Coop Prix Selje for å kjøpe is. På veg ut av butikken kjøpte dei nokre Bilflax-lodd. Det vart lønsamt. Nyleg kunne dei sette seg inn i vinnarbilen, ein Toyota GT 86. Her står dei med vinnarbilen i lag med (f.v.) Ståle Brattelid, salsleiar Norsk Tipping, Rune Solvang, Toyota Måløy og Siri Merethe Skårbø, spelansvarleg i Coop Prix Selje.



Takk for innsatsen i 2014

AUGUST: Landbruks- og matministeren på besøk



Honnørorda sat laust då landbruks- og matminister Sylvi Listhaug (FrP) august besøkte Coop Vest sin spesialbutikk for lokalmat i Byrkjelo. Sylvi Listhaug vart imponert over det ho såg og det ho vart fortalt då ho i august møtte administrerende direktør Geir Espe i Coop Vest (midten) og butikksjef i lokalmatbutikken Bakar Jon, Jon Myklebust, i Byrkjelo.



AUGUST: Blomsterkurs

I august arrangerte salsavdelinga blomsterkurs for butikksjefane i Coop Vest. Dagnadshender frå bygda i samråd med butikken sitt eige butikkråd som sjølve har stått for. Og vi kan trygt seie at vi er særst stolte og nøgde med resultatet.

AUGUST: Svelgendagane

Svelgendagane gjekk av stabelen i slutten av august. Coop Vest stilte meg fagfolk frå sport og bygg. Godt sal og høg stemning.



Nye kassar ferdigmontert.

AUGUST: Ny kassaløysing

26. august fikk Coop Prix Kaupanger som den første av butikkane til Coop Vest ny kassaløysing til butikken sin, og i løpet av hausten fram til 12. november så hadde alle butikkane fått nye kassar. Det vart totalt montert 154 ny kassar i Coop Vest. Som kunde merkar du det først og fremst med at du kan sjå kva varer som vert scanna på den kundevendte skjermen i løpet av handelen, samt at du sjølv kan scanne medlemskortet ditt med den samme scannaren.

AUGUST: Førde Opp

Under Førde opp i 2014 var Coop Mega Førde støttespelar og samarbeidspartner på levering av all mat og drikke til arrangementet. I tillegg hadde vi gratis saftutdeling halvveis oppe i Hafstadkleiva. Dette vart raskt ein god samlingsplass for ein pust i bakken!



SEPTEMBER: Regionssamlingar

I september vart det halde fleire regionssamlingar. Her er bilete frå Nordfjord (øvt), Sunnfjord (i midten) og Sunnmøre (nederst).



SEPTEMBER: Butikksjefmøte i Trondheim

Prixgjengen samla på nasjonalt butikksjefmøte i Trondheim i september 2014. Frå venstre: Lena Nyheim Igari, Annika Risholm, Astrid Brusegard, Steinar Lad, Ronny Sørbotten, Leif Fristad. Marino J. Ask, Aslaug Huus og Roald Halsør var ikkje tilstades då bildet vart teke.

SEPTEMBER: Opning av kaffikroken på Coop Barstadvik



Laurdag 27. september gjekk den offisielle opninga av kaffikroken på Coop Barstadvik av stabelen. Dette framifrå snekra byggverket er det drivande dagnadshender frå bygda i samråd med butikken sitt eige butikkråd som sjølve har stått for. Og vi kan trygt seie at vi er veldig stolte og nøgde med resultatet.



SEPTEMBER: Nyopning i Fortun

Coop Marked Fortun «nyopna» butikken med kafe 27. september 2014. Bygdefolket blei invitert til storlagen frukostbuffet. Representant frå Merkur og ordføraren i Luster kom og kasta glans over dagen.



SEPTEMBER: Ny fiskebutikk

I september opna ein fiskebutikk som «butikk i butikken». Det skjedde i Coop Vests Coop Extra Ørsta. Dette er eit pilotprosjekt som er støtta av Innovasjon Norge. Som ein ser er dette ein innbydande fiskedisk. Foto: Handelsbladet



Takk for innsatsen i 2014



Foto: Laila Vikenes

OKTOBER: TV-aksjonen

Butikkrådet til Coop Extra i Ørsta kom med ideen om at ein kunne selge flaskevatt og gje litt av salsinntektene til årets TV-aksjon i alle Coop Vests butikkar. Her vert opninga markert av (frå venstre) butikksjef Ann-Charlotte Amundgaard Sørheim, vidare bak frå venstre butikkrådsmedlemene Kirstin Graff, Knut Stave, Hjørdis Almelid Vikenes, konstituert butikksjef Ottar Vindfjell, varaordførar Paul Kristian Hovden og regionkonsulent Bente Hjertenæs frå Kirkens Nødhjelp.



OKTOBER: Ny butikksjef

Ann Charlotte Sørheim tok over som butikksjef ved Coop Ulsteinvik hausten 2014. I samband med overtakinga inviterte ho alle medlemene/kundane til frukost.

NOVEMBER: Coop Extra inviterte til gratis brunsj

I november var det eitt år sidan Årdals-senteret åpnet. Det markerte Coop Vest ved å spandere brunsj på kundane. Dei kunne forsyne seg med alt frå røykelaks til sjokolademelk - ganske enkelt alt som høyrer med til ein skikkeleg brunsj, skreiv nettvisa portalen.no. På andre sida av brunsjbordet sto kjendiskokken Steinar Lindstrøm og serverte svoltne årdøler det dei måtte ønske. Salsleiar Ronny Sørbotten i Coop Vest fortel at Coop Extras første år i Årdals-senteret har vore ein suksess. - Vi omset for 30 prosent meir enn kva den tidlegare Coop Mega'en her i Årdal gjorde.



Meisterkokk Steinar Lindstrøm synest det er flott at Coop Extra gjorde stas på kundane sine ved å invitere til gratis brunsj. Foto: portalen.no

DESEMBER: Rekordhandel i Furene

Rekordår i fjor for Furene. Butikken har mellom anna satsa på lokalmat, om dyktige medarbeidarar og ein ein svært populær kafé. Coop Extra Furene fikk ein merkbar auke i omsetninga i 2014 - ein auke dei tek med seg vidare inn i 2015.



DESEMBER: 30 prosent auke i Årdal

Etter det første heile året med drift, kan Coop Extra Årdal skilte med 30 prosent auke i mengde varer som er selt, samanlikna med Coop Mega som var tidlegare.



Arkivfoto: Truls Grane Sylvarnes

To butikkar - to livsnervar - ein sjef

Etter å ha jobba i Coop-butikken i Furene i mange år, har Ann-Charlotte Sørheim nå overtatt som butikksjef ved Coop Ulsteinvik. I tillegg har ho overtatt som butikksjef ved Coop Furene. Dette er ei stor utfordring, men ho er glad i jobba og ser fram til å kunne bidra til å utvikle butikken vidare.

Coop Furene har hatt ein rekordår i 2014, og dette er ein viktig årsak til dette. Butikken har satsa på lokalmat, og dette har blitt ein svært populær del av butikkens sortiment. I tillegg har dei hatt ein svært populær kafé, som har blitt ein viktig del av butikkens livsnerve. Dette har gjeve Coop Furene ein merkbar auke i omsetninga i 2014, og ein auke dei tek med seg vidare inn i 2015.

Coop Ulsteinvik har også hatt ein svært populær kafé, som har blitt ein viktig del av butikkens livsnerve. Dette har gjeve Coop Ulsteinvik ein merkbar auke i omsetninga i 2014, og ein auke dei tek med seg vidare inn i 2015.

Ann-Charlotte Sørheim er glad i jobba og ser fram til å kunne bidra til å utvikle butikken vidare. Ho er glad i å møte kundane og hjelpe dei med å finne det dei trenger. Ho er også glad i å samarbeide med medarbeidarane og bidra til å utvikle butikken vidare.

Coop Furene og Coop Ulsteinvik er begge svært populære butikkar, og det er ein glede for Ann-Charlotte Sørheim å kunne bidra til å utvikle dei vidare. Ho er glad i å møte kundane og hjelpe dei med å finne det dei trenger. Ho er også glad i å samarbeide med medarbeidarane og bidra til å utvikle butikken vidare.

DESEMBER: Fleksibel butikksjef rosar butikkrådet

Å vere sjef for to Coop-butikkar er visst ikkje heilt einestående. Men at butikkane ligg på ulike øyar - i ulike kommunar - og attpåtil har to engasjerte butikkråd bak seg er verd eit avisoppslag.

Anna-Kirsti Skåre seier til avisa at butikkane aldri kunne ha jobba så aktivt inn mot kundane utan butikkrådet, som gjer ein kjempeinnsats. Dei er bindeleddet mellom bygdefolket og leiaren.

DESEMBER: Fekk tur til Falun

God omsetning av frukt og grønt hos Coop Marked Fiskå i 2014 gjorde at Tordis Thunem kunne reise til ski VM for å heie på dei norske utøvarane.



Gode medarbeidarar i Coop-systemet er gull verd.

Her representert ved Inger Janne Gjerde og Emil Sætre ved Coop Gjerdsвика.

DESEMBER: Coop Extra billegast i desember blei Coop Extra kåra til vinnar av VG's julematbørs 2014.

Coop Extra BILLIGST!

VINNER AV VGs MATBØRS JULEN 2014

EXTRA LAVE PRISER

COOP extra

DESEMBER: Best i vest

Coop Extra Ørsta har gått av med sigieren om å levere best resultat i vest, i høve til omsetninga året før, innan frukt og grønt. Her er frukt- og grøntansvarleg Ashim Alizadeh og butikksjef Jacob Edvard.



Foto: Tonje Marie L. Aarftot, Avisas Møre

Vinnarbutikkane 2014



Størst omsetningsvekst i prosent:
Prix Byrkjelo

Butikksjef Aslaug Huus fekk overrekk blomster og diplom av salsleiar Ronny Sørbotten.



Best i løpande kundemålingar:
Marked Fortun

Butikksjef Anne Steig fekk overrekk blomster og diplom av personalsjef Øyvind Indrebø.



Lågast totalsvinn i prosent:
Marked Skjolden

Butikksjef Silvia Pavlova fekk pris for «Lågast totalsvinn i prosent».



Årets Mega:
Mega Førde

Butikksjef Bjarte Espeland fekk overrekk blomster og diplom av salsleiar Ronny Sørbotten.



Størst DB 3 i prosent:
Byggmix Aheim

Butikksjef Lillian Bakkebø fekk overrekk blomster og diplom av salsleiar Tore Gamborg.



Årets Prix:
Prix Byrkjelo

Butikksjef Aslaug Huus fekk overrekk blomster og diplom av salsleiar Ronny Sørbotten.



Årets Butikk
Coop Vest:
Extra Sogndal

Butikksjef Svein Borlaug fekk overrekk pokal, blomster og diplom av administrerande direktør Geir Espe, etter at Coop Extra Sogndal vart kåra til «Årets Butikk Coop Vest»



Årets Faghandel:
Extra Kafe Førde

Det vart også delt ut pris til Årets Faghandel. I år, som i fjor, var det Extra Kafe Førde ved avdelingsleiar Jartrud Dvergsdal som stakk av med prisen.



Årets Marked:
Marked Syvde

Butikksjef Bjørn Knardal fekk overrekk blomster og diplom av Markedkjeden sin kjededisponent Ingjerd Vestengen.



Årets Extra:
Extra Sogndal

Butikksjef Svein Borlaug og trainee Veton Gashi fekk overrekk blomster og diplom av Extra sin assisterande kjededisponent Andreas Ruud.



Årets Bygg:
Extra Bygg Førde

Butikksjef Tore Gamborg (t.v.) og gruppeleiar Roy Inge Skrede (t.h.) fekk overrekk blomster og diplom av salssjef Rune Økland (i midten).



Best i Klar for kunde:
Extra Sogndal

Butikksjef Svein Borlaug og trainee Veton Gashi fekk overrekk blomster og diplom av personalsjef Øyvind Indrebø.

Gullklokke- vinnarar

I 2014 vart det delt ut 4 gullklokker etter 25 års samanhengande tenester. Gullklokkene vart delt ut i samband med dei regionale samlingane hausten 2014.



SOGN: Marino Ask fekk overrekk gullklokke av personalsjef Øyvind Indrebø.



SUNNMØRE: Bjørn Audun Osnes fekk overrekk gullklokke av styremedlem Kari Riise.



SUNNFJORD: Mildred Myrvoll fekk overrekk gullklokke av styreleiar Wilhelm Gjertsen.



SUNNFJORD: Björg Aase fekk overrekk gullklokke av styreleiar Wilhelm Gjertsen.

Val av rett utstyr er viktig

Å ha lågast moglege energi-
forbruk er eit stort fokusom-
råde hos prosjektleiar i Coop
Vest Geir Iversen når han skal
kjøpe inn nytt utstyr.

For å sikre låge driftskostnader for
butikken i åra framover, er val av rett
utstyr viktig.

– Coop Vest har hatt fokus på dette
gjennom fleire år når det gjeld gjenvinn-
ing mellom anna frå kjøl- og frysean-
legg, så der er vi på plass, seier Iversen.

– Der vi no kan hente ut gevinst er på
belysning. Eit døme er butikken i Fosna-
våg, der vi tar ein total renovasjon av
butikken i forbindelse med ombygging
frå Mega til Coop Extra. Her går vi for
100% LED-belysning noko som vil gje
oss ei energisparing på denne butikken
på anslagsvis 50 000 kroner pr. år.

I tillegg vil LED-lys ha ei mykje lengre
levetid enn dei tradisjonelle lysrøra, noko
som igjen vil gje ein stor gevinst med
tanke på driftskostnadane til butikken.



Butikksjef Dagmar Nese ved Coop Marked Balestrand, er godt nøgd med nytt kjøleutstyr.

Driftsapparatet



DRIFTSAPPARATET: Frå venstre salsleiar daglegvare Ivar Dvergsdal, IT- og sikkerheitssjef Ole Andre Leivdal, salsleiar faghandel Tore Gamborg og prosjektleiar Geir Iversen. Salsleiar Ronny Sørboten (innfelt) er saman med Ivar Dvergsdal ansvarlege for sal og marknadsføring i alle daglegvarebutikkane..

Nye butikksjefar i 2014



Lena Nyheim, Coop Prix Lærdal



Yvonne Romøren, Frequent Øvre Årdal



Britt Moltu, Coop Extra kafe Volda



Sonja Brendø, Coop Marked Florø



Jacob Edward, Coop Extra Ørsta



Ann-Charlotte Amundgaard Sørheim,
Coop Mega Ulsteinvik



Tore Gamborg, Coop Extra Bygg Førde
og Coop Byggmix Volda



Bjørn Knardal Coop Marked Fiskå
(i tillegg til Syvde)



Ottar Vindfjell, Coop Marked Reed
(vikariat)



Stein Kjell Hatlevoll, Coop Byggmix
Hermansverk og Coop Byggmix Gaupne



Nyt alle godbitane Coop-medlemskapet gjev deg

KJØPEUTBYTTE

på daglegvarer og faghandel



MEDLEMSKUPP

Gode tilbud i Coop-butikkane



10 KRONERS MEDLEMSRABATT

på alle barnebleier



35 ØRE MEDLEMSRABATT

på drivstoff, samt ei rekkje andre gode tilbud



1,5% MEDLEMSBONUS

av innbetalt forsikringspremie hos If Skadeforsikring



30 ØRE MEDLEMSRABATT

på drivstoff, samt ei rekkje andre gode tilbud



COOP MASTERCARD

Få 1% medlemsbonus på toppen av ditt kjøpeutbytte hos Coop og alle andre stader*

*Gjeld ikkje konkurrerende daglegvarebutikker i Norge.

Effektiv rente er 26,17% (basert på eit eksempel på kr 15.000 nedbetalt over 12 månader. Samla kredittbeløp er på kr 16.500,79)



COOP HOTELLKUPP

Som Coop-medlem har du høve til å bestille hotellopphald til særskildt fordelaktige prisar.

I Norge bur 2 personar i 2 til 5 netter inkludert frokost, frå berre kr 400,- pr pers pr natt (kr 1.598,- pr opphald)



Informasjon i din butikk

I din lokale Coop-butikk finn du brosjyrer der du kan lese meir om samarbeidspartnarane som gjev deg ekstra medlemsfordelar.

Kva skjer hos Coop?

På coop.no har du til ei kvar tid oversikt over aktuelle tilbud og aktivitetar.

Ønskjer du å få tilboda tilsendt på epost? Logg deg inn på coop.no og registrer deg der.